



Sakshefte
Noregs Mållag
Landsmøte
19.–21. april 2024

Innhold:

Praktisk informasjon	side 4
Framlegg til sakliste	side 5
SAK 1 Opning og konstituering	side 7
SAK 2 Leiartalen	side 11
SAK 3 Ungdomens tale	side 12
SAK 4 Årsmelding 2022–2024	side 13
SAK 5 Rekneskapar for 2022 og 2023	side 14
SAK 6 Fråsegner	side 15
SAK 7 Kunstig intelligens og digitale utfordringar for nynorsk	side 20
SAK 8 Personalressursar i organisasjonen	side 21
SAK 9 Presentasjon av felles digitalt ressursområde for laga	side 30
SAK 10 Økonomisaker m/ budsjett for 2025 og 2026	side 31
SAK 11 Norsk i høgare utdanning	side 38
SAK 12 Fire seminar	side 39
SAK 13 Val	side 40
Vedlegg	
Lov for Noregs Mållag	side 45
Vedtak om Trygge møteplassar i Noregs Mållag	side 49

Praktisk informasjon

Skrivarstova er på landsmøtehotellet frå tysdag 16. april, og de kan nå oss her:

Gro Morken Endresen 957 85 560 eller gro.morken@nm.no

Erik Grov, 472 49 718 eller erik.grov@nm.no

Hege Lothe, 926 48 348 eller hege.lothe@nm.no

Ingar Arnøy, 975 29 700 eller ingar.arnoy@nm.no

Vemund Norekvål Knudsen, 976 84 399 eller vemund.knudsen@nm.no

Per Henning Arntsen, 952 93 289 eller per.arntsen@nm.no

Frida Pernille Mikkelsen, 482 48 747 eller frida.mikkelsen@nm.no

Møtestad og overnatting

Landsmøtehotellet er Scandic Nidelven, Havnegata 1–3, 7010 Trondheim. Det meste av møte, måltid og kulturtilbod vil gå føre seg på hotellet. Det einaste unntaket er fredag kveld. Då er kveldssetet med middag og kulturprogram på Dokkhuset, Dokkparken 4 (det er 3–4 minutt å gå frå hotellet).

Korleis kjem du deg til hotellet

Det går flybuss frå Værnes kvart 15. minutt. (00–15–30–45). Bussen bruker om lag 30 minutt, og det næraste stoppet å gå av på, er Solsiden. Då kan du gå rett ned langs restaurantane / mot elva, over ei gangbru som er lett å få auge på, og så ligg hotellet like på andre sida. Det går også tog frå Værnes éin gong i timen. Det går tre minutt over heil time og bruker 38 minutt til sentrum. Hotellet er 3–400 meter frå togstasjonen (på same side av elva). Det er den same stasjonen du kjem til, om du kjem med tog frå andre stader i landet.

Framlegg til sakliste:

FREDAG 19. APRIL		
11.00		Formøte – eitt for kvinner og eitt for menn – møta vert leia av styremedlemene Inger Johanne Sæterbakk og Anders Riise
12.00	1	Opning og konstituering
		- kulturelt innslag - velkomen og opning ved leiar Peder Lofnes Hauge
12.50		Utdeling av litteraturprisar for 2023
13.00		Lunsj
14.00	2	Leiartalen v/ Peder Lofnes Hauge
14.30	3	Ungdomens tale v/ Tobias Christensen Eikeland
14.45		Ordskifte
15.20		Godkjenning av fullmakter v/ leiaren av fullmaktsnemnda
15.25		Beinstrekk
15.30	4	Årsmelding 2022–2024 v/ styremedlem Kjetil Aasen - ordskifte og vedtak
16.15		Kaffipause
16.45	5	Rekneskapar 2022 og 2023 v/ Gro Morken Endresen - ordskifte og vedtak
17.15	6	Fråsegner v/ leiaren for redaksjonsnemnda
17.30		Beinstrekk
17.35	7	Kunstig intelligens og digitale utfordringar for nynorsken v/ Erik Bolstad, sjefredaktør for Store norske leksikon
18.10		Spørsmål og ordskifte
19.00		Slutt for dagen
20.00		Middag og kulturelt program på Dokkhuset (3–400 meter frå hotellet)
LAURDAG 20. APRIL		
09.00	8	Personalressursar i organisasjonen v/ Espen Tørset
09.30		Gruppeordskifte
10.20		Kaffipause
10.50		Plenumsordskifte
12.00	9	Presentasjon av felles digitalt ressursområde for laga v/ Frida Pernille Mikkelsen
12.30		Lunsj
13.30	6	Fråsegner v/ nemndsleiar - presentasjon og ordskifte

15.15		Kaffipause
15.45	10	Økonomisaker m/ budsjett for 2025 og 2026 v/ Gro Morken Endresen
17.00	11	Norsk i høgare utdanning v/ statsråd Oddmund Løkensgard Hoel
17.30		Spørsmål og ordskifte
18.00		Slutt for dagen
20.00		Festmiddag på hotellet
		SUNDAG 21. APRIL
09.30	12	Fire seminar A Aktiv oppfølging av barnehagar og skular v/ Helen Johannessen, leiar i Austmannalaget B Språkkafear. Gode tips og råd ved Nils Ulvund, leiar i Sunndal Mållag C Inspirasjonsdag for lærarar. Gode råd og tips ved Ellinor Bergli Bustad D Vervearbeid. Alle kan bli ein vervar ved Live Havro Bjørnstad
10.45		Kaffipause m/ pausemat
11.15	6	Fråsegner. Innstillinga frå nemnda vert lagd fram. ordskifte
12.00	8	Vedtak personalressursar
12.10	10	Vedtak økonomisaker fondsplassering, medlemspengar, frikjøp av leiar og budsjett
12.30		Lunsj
13.30	6	Vedtak fråsegner
14.15	13	Val v/ valnemndsleiar Øyvind Fenne og styreleiar Peder Lofnes Hauge
15.00		Avslutning og heving av møtet

Sak 1 Opning og konstituering

Denne saka gjeld:

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegner
- 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet
- 1.4 Fastsetjing av sakliste
- 1.5 Fastsetjing av tidsfristar

1.1 Godkjenning av innkalling

Fyrste innkalling vart sendt ut elektronisk 19. januar. Innkalling med sakspapir vart sendt ut elektronisk 19. mars, i tråd med lov for Noregs Mållag.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner innkallinga.

1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegnene

FRAMLEGG TIL LANDSMØTEFØRESEGNER:

§ 1

Straks saklista for landsmøtet er godkjend, kjem styret med framlegg om møteplan der tida ein har til rådvelde, er delt mellom sakene som skal drøftast. Det ligg på styret, særleg på møtestyraren, å prøva å halda tidsplanen.

Styret kjem også med framlegg til fristar for levering av endringsframlegg til saker som er oppe til vedtak. Landsmøtet vedtek slike fristar under konstitueringa.

§ 2

Når landsmøtet er sett, kjem styret med framlegg om fire til seks ordstyrarar eller møtestyrarar, som landsmøtet skal velja. Dessutan:

A Fullmaktsnemnd med ein frå styret eller skriarstova og to utsendingar. Representanten frå styret/skriarstova kallar nemnda saman. Fullmaktsnemnda skal sjå til at utsendingane er valde i samsvar med § 5.4 og § 5.6 i lov for Noregs Mållag av lag med utsendingsrett etter denne paragrafen, og at utsendingsfullmaktene er utferda av den som laget har gjeve mynde til dette. Nemnda skal gje landsmøtet melding om arbeidet sitt og tilråding om å godkjenna eller vraka fullmakter.

B Seks møteskrivarar som har ansvaret for at møteboka frå landsmøtet blir rett. Referat frå landsmøtet skal vera ferdig reinskripe frå møteskrivarane si hand og underskrive innan 1. juli.

C Redaksjonsnemnd på fem medlemmer for fråsegner på landsmøtet. Nemnda skal:

- 1) Gå gjennom innkomne framlegg til fråsegner.
- 2) Forma framlegg til fråsegner etter oppdrag frå landsmøtet.
- 3) Arbeida saman framlegg som går i same lei, helst i samråd med dei som har levert framlegga.
- 4) Levera ei innstilling til landsmøtet der det går fram om nemnda rår landsmøtet til å røysta for eller mot framlegga som er oppe til handsaming.

D Redaksjonsnemnd på fem medlemmer for sak om personalressursar og økonomisaker.

F Røysteteljarar med varafolk.

§ 3 Møtestyrarane deler arbeidet seg imellom. Møtestyraren skal til kvar tid ha ein hjelpar ved styrebordet - så langt råd er, ein av dei valde møtestyrarane. Møtestyrarane skal sjå til at den godkjende møteplanen blir følgd, og skal prøva å fordela tida som er til rådvelde for kvar sak, såleis at alle utsendingar har høve til å leggja fram sitt syn. Ut frå dette skal dei gjera turvande framlegg om nedsett taletid eller strek. Taletida blir fastsett med vanleg fleirtal når ikkje lover eller landsmøteføresegner seier noko anna. Utsendingar kan òg gjera framlegg om avgrensa tid.

§ 4 Møtestyraren kan ikkje vera med i ordskiftet. Vil han vera med i ordskiftet, tek varamøtestyraren over. Møtestyraren kan likevel svara på merknader om møtestyringa.

§ 5 Innlegg til saksførehavinga skal vera stutte, aldri over 1 minutt. Ordskifte om saksførehavinga kan møtestyraren stogga etter 10 minuttar, og skal stogga etter 15 minuttar.

§ 6 Møtestyraren avgjer korleis ein skal be om ordet. Det skal vera høve til føreåt å be om ordet til ei sak eller til einskilde punkt i ei sak.

§ 7 Framlegg skal setjast fram skriftleg. Styret skal sjå til at framlegg blir mangfalda før dei blir tekne opp til avgjerd, så sant det er råd.

§ 8 Møtestyraren eller hjelparen hans fører talelista. Utanom lista kan landsleiaren eller den han har gjeve mynde til det, og ordskifteinnleiaren få ordet for å svara på spørsmål. Tillitsfolk og tenestefolk skal elles følgja talarlista og fastsett taletid.

§ 9 Taletida er i ordskifta i utgangspunktet 3 minuttar, men kan avgrensast med vanleg fleirtal. Det er høve til å be om replikk. Med det meiner ein ein kort kommentar (maksimum ein minutt) til siste innlegget.

Det er høve til 2 replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til svarreplikk. Dersom det trengst, kan replikkretten avgrensast.

Møtestyraren kan, når det er tid til det, med samtykke frå landsmøtet, gjera unntak frå tidsavgrensinga.

§ 10 Dreg eit ordskifte ut, kan møtestyraren eller utsendingar gjera framlegg om å setja strek for talarlista. Før strek blir sett, må dei som vil koma med framlegg, få gjera desse kjende, og alle som har merknader til framlegg, eller som ynskjer å vera med i ordskiftet, få melda seg til talarlista.

§ 11 Med vanleg fleirtal kan landsmøtet vedta å halda prøverøysting.

§ 12 Ein røystar til vanleg med å syna fastsett røystesetel. Vedtak vert fatta ved vanleg fleirtal, med mindre anna går fram av vedtektene.

Når der er fleire enn to framlegg til vedtak, skal det mest radikale framlegget setjast opp mot det nest

mest radikale framlegget. Slik held ein fram til ein står att med eit framlegg som kan setjast opp mot framlegget som ligg til grunn for vedtaket.

Ved røystelikskep skal det røystast på ny. Ved røystelikskep for andre gong vil det framlegget som låg til grunn for røystinga, vinna fram. Ved personval, eller der inkje framlegg ligg til grunn, vert spørsmålet avgjort gjennom lutkast.

Ved personval skal alternative framlegg setjast opp mot ein konkret plass i innstillinga. Personval skal avgjerast ved skriftleg røysting dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller nokon krev skriftleg val. Dersom det er fleire enn to kandidatar til eit verv, må den som vert vald, ha minimum halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane halvparten av røystene i fyrste valomgang, fell kandidaten med færrest røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd vanleg fleirtal i siste valrunde.

§ 13 Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal alle tvilsspørsmål om møtestyring der det ikkje er lovfesta eller vedtektsfesta reglar å følgja.

§ 14 Landsmøtet kan fritt gjera avvik frå desse føresegnene.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.

1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet

Styret innstiller overfor landsmøtet å velja desse tillitsomboda:

- 1 fire til seks ordstyrarar
- 2 seks møteskrivarar
- 3 fem medlemer til redaksjonsnemnd for fråsegner
- 4 fem medlemer til redaksjonsnemnd for personalressursar og økonomisaker
- 5 tre medlemer til fullmaktsnemnd
- 6 seks røysteteljarar

Styret innstiller på tillitsombod på styremøtet dagen før landsmøtet tek til. Framlegget blir delt ut under innsjekkinga.

1.4 Fastsetjing av sakliste

Framlegget frå styret står på side 5 og 6 i dette heftet.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.

1.5 Fastsetjing av tidsfristar

Merk at alle framlegg til fråsegner og andre saker skal vera sende inn seinast 2 månader før landsmøtet, jf. § 5.3 i lovene. Om det kjem framlegg etter fristen, må dei godkjennast med vanleg fleirtal av landsmøtet dersom dei skal realitetshandsamast.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Frist for å levera heilt nye fråsegner som landsmøtet må røysta over om skal realitetshandsamast: fredag 14.00.

Frist for endringsframlegg til fråsegner, personalressursar og økonomisaker: laurdag klokka 17.00

Sak 2 Leiartalen

Leiartalen til Peder Lofnes Hauge vert delt ut til alle utsendingane og lagd ut på www.nm.no straks talen er avslutta.

Det er sett av tid til ordskifte etter leiartalen.

SAK 3 Ungdomens tale

Innleiing ved Tobias Christensen Eikeland, leiar i Norsk Målungdom og styremedlem i Noregs Mållag.

Under dette punktet har Norsk Målungdom høve til å snakka om fritt valde tema som gjeld politiske tankar og prioriteringar sett frå deira ståstad.

SAK 4 Årsmelding 2022–2024

Styremedlem Kjetil Aasen legg fram melding om styret sitt arbeid i arbeidsbolken.

Årsmeldinga fylgjer landsmøtepapira som eiga trykksak.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årsmelding for 2022–2024 vert godkjend.

SAK 5 Rekneskapar for 2022 og 2023

Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram rekneskapane.

I årsmeldinga er desse rekneskapane og revisjonsmeldingane trykte:

Noregs Mållag 2022 og 2023

Fondet for norsk målreising 2022 og 2023

Inga og Gjøa Lutros legat 2022 og 2023

Kulturlotteriet 2022 og 2023 (revisjonsplikta fall bort frå og med 2023)

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legat og Kulturlotteriet vert godkjende.

SAK 6 Fråsegner

Det låg føre seks fråsegner då saksheftet gjekk i trykken.

- 1 **Oppfølging av opplæringslova** (fremja av styret)
- 2 **Ja til digitalt språkleg likestilling** (fremja av styret)
- 3 **Lærarutdanningane må ta språkansvar** (fremja av styret)
- 4 **Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål må inn i Grunnlova** (fremja av styret)
- 5 **Nynorsk for vaksne innvandrarakar i nynorskkommunar** (fremja av styret)
- 6 **Hovudmålsreglane i opplæringslova treng snarleg opprydding** (fremja av styret)

1 Oppfølging av opplæringslova

Den nye opplæringslova forsterkar dei digitale utfordringane for nynorskelevane. Mange nynorskelevar har ein digital skulekvardag der bokmål dominerer. Det går utover kvaliteten på lese- og skriveopplæringa, og bryt retten til opplæring på eige språk.

Storparten av appar og program elevane brukar på skulen, er ikkje rekna som læremiddel, men som mindre læringsressursar. Dei fell såleis utanom kravet om språklege parallellversjonar. Då Stortinget i fjor vedtok ny opplæringslov, var eitt av hovudkrava frå ei samla målrørsle at det skulle vere krav om nynorskversjon av digitale læringsressursar som er utvikla for bruk i skulen.

Mållaget fekk ikkje gjennomslag, men regjeringa fekk i oppdrag frå Stortinget å gjennomføre ei kunnskapsinnhenting om omfanget av digitale læringsressursar som ikkje finst på nynorsk. Utdanningsdirektoratet (Udir) har fått oppdraget frå Kunnskapsdepartementet, og skal levere rapporten først i desember 2025.

Ein slik rapport må vise kor mykje nynorsk nynorskelevane får sjå og lese gjennom ein skuledag. Det blir avgjerande å hente innspel frå lærarane, som ofte er dei som plukkar ut og vel materiell, ressursar og læremiddel. Dei veit også korleis desse vert brukte i klasserommet. Noregs Mållag meiner Udir i denne samanhengen bør lage ei kvalitetssikra liste over godkjende læremiddel/ læringsressursar/ læringsplattformer som finst på både bokmål og nynorsk.

Landsmøtet i Noregs Mållag ventar at det blir gjort eit raskt, men grundig arbeid, slik at den reelle situasjonen i klasserommet kjem fram. Når situasjonen er kartlagd, ventar vi at regjeringa og Stortinget sørgjer for å lovfeste nynorskkravet så fort som råd er. Sårbare nynorskelevar har allereie mista verdifull tid på rikspolitisk sommel.

2 Ja til digital språkleg likestilling

Det må vere like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar - også på internett.

Språklova slår fast at nynorsk og bokmål er likestilte skriftspråk i Noreg. I den digitale verda er dette langt ifrå tilfelle. I skulen får nynorskelevane digitale læremiddel på bokmål, både offentlege etatar og private bedrifter tilbyr oss å skrive til robotar som ikkje forstår nynorsk når vi treng hjelp frå dei, og få av dei teknologiske hjelpemidla vi er omgitt av i kvardagen, forstår dialekt eller snakkar god nok nynorsk. Nynorsk og bokmål er likestilte skriftspråk i det norske samfunnet, og må også ha like vilkår i den digitale verda.

Ansaret for den digitale språklege likestillinga ligg hos den nye digitaliseringsministeren, Karianne Tung (Ap). Noregs Mållag forventar at ho og departementet hennar sørgjer for at den digitale utviklinga også er nynorsk, og byggjer ein god norskspråkleg infrastruktur til all ny teknologi som blir utvikla.

Nasjonalbiblioteket har ansvar for Språkbanken, som samlar store datasett med norsk tekst og tale. Det er desse som utgjer denne infrastrukturen. Tilfanget av nynorsk, som det minst brukte av dei to norske språka, er dårlegare enn for bokmål. Det er svært viktig at Språkbanken får dei ressursane som trengst for å kunne fylla banken med nynorsk tekst og tale, og på den måten leggje til rette for ei reell digital språkleg jamstilling.

Nynorskbrukarar har rett på svar på eige språk når vi kommuniserer med staten.

Digitaliseringsministeren må også sørgje for at vi få svar på eige språk når vi kommuniserer gjennom tekst og tale i den digitale verda. Noregs Mållag krev ein handlingsplan for norskspråkleg digitalisering. Det må vere ei konkret gjeremålsliste med tiltak som raskt gjer den digitale kvardagen betre.

Dei store multinasjonale selskapa sit med stor makt over språkutviklinga i Noreg, både i klasseromma

51 og samfunnet elles. Det er avgjerande viktig at styresmaktene tryggjar norsk språk i offentlege innkjøp.
52 Om ikkje ein leverandør kan lage programvare som stør både bokmål og nynorsk, bør dei ikkje få
53 innpass på marknaden hos offentlege.
54

55 3 Lærerutdanningane må ta språkansvar

56 Lærerutdanningane skal utdanne lærarar for heile landet, og då må alle lærarstudentar, uavhengig av
57 fag, rustast til å vere lærarar i nynorske klasserom. Lærerutdanningane er avgjerande både for at
58 framtidige nynorskelevar får ei god opplæring og for at ein skal kunne oppnå ei reell jamstilling mellom
59 nynorsk og bokmål.

60 I november lanserte Språkrådet ein rapport om norsk, og særleg nynorsk, i lærerutdanningane.
61 Rapporten slår fast at lærarstudentar utan norsk i fagkrinsen som skal bli lærarar og som ikkje tek
62 utdanning innanfor norskfaget, svært sjeldan får vurdert nynorskkompetansen sin i løpet av
63 utdanninga.

64 Rapporten viser òg at fleirtalet av uteksaminerte lærarstudentar har utdanninga si frå lektorutdanning
65 eller praktisk pedagogisk utdanning (PPU). Dette er utdanningar der rammeplanen, i motsetnad til
66 grunnskulelærerutdanningane, ikkje stiller krav om nynorskkompetanse hjå studentane. Resultatet er at
67 nynorskelevane som skal ha opplæring på skriftspråket sitt i alle fag, får nyutdanna lærarar som ikkje er
68 trygge i å skrive eller undervise på nynorsk.

69 Mållaget har gjennom mange år peika på at utdanningsinstitusjonane må gje lærarstudentane ei betre
70 opplæring i nynorsk. Dei må òg få opplæring i nynorskidaktikk, det å lære korleis dei kan lære elevane
71 nynorsk.

72 Det blir ei viktig oppgåve for Oddmund Hoel (Sp) å få dette på plass. Den nye statsråden for forskning og
73 høgare utdanning har brei kunnskap om feltet og bør bruke både kunnskapen og styringsretten sin til
74 saman med lærerutdanningane å sørge for betre nynorskopplæring av lærarstudentane.

75 Mållaget meiner at:

76 - Norsk må vere obligatorisk fag på grunnskulelærerutdanninga 5–10.

77 - Rammeplanane for PPU og lektorutdanningane òg må stille krav til studentane sin
78 nynorskkompetanse.

79 - Utdanningsinstitusjonar må sikre at lærarstudentar utan norsk i fagkrinsen vert rusta til å undervise på
80 nynorsk.

81 - Nynorskidaktikk må vere ein del av lærarstudentane si utdanning.

82 - Utdanningsinstitusjonane må synleggjere nynorsk på studiestadane.

83

84 4 Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål må inn i Grunnlova

85
86 210 år etter at Noreg fekk si eiga grunnlov er det framleis ikkje grunnlovsfesta at norsk skal vere det
87 samfunnsberande språket i Noreg. Dette er det på tide å gjere noko med.

88
89 For Noregs Mållag er det viktig at heile det norske språket, med jamstillinga mellom nynorsk og bokmål,
90 blir sikra i Noregs viktigaste lov, Grunnlova.

91
92 I ei globalisert verd treng norsk språk eit sterkare vern enn tidlegare. Det er mange land som ser dette.
93 Ifølgje databasen Constitute finst det 148 land i verda med grunnlover som inneheld føresegner om
94 nasjonalspråk. 97 land som har grunnlover med føresegner som på ulike vis vernar språkbruk.

95 Dei siste åra har Stortinget gjort mykje for å oppdatere Grunnlova, med mellom anna ei rekkje
96 menneskerettslege føresegner. Det er i dag meir vanleg at statar omtalar språk i grunnlovene enn at dei
97 ikkje gjer det. Ei grunnlovsfesting av statusen til det norske språket, medrekna jamstillinga mellom
98 nynorsk og bokmål, vil vere ei modernisering av Grunnlova.

99 I den nye språklova, som tok til å gjelde i 2022, vedtok Stortinget at norsk skal sikrast som eit
100 samfunnsberande språk, at jamstilling mellom nynorsk og bokmål skal fremjast, og at offentlege organ i
101 Noreg har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk i kraft av å vere det minst brukte norske skriftspråket.

102 Denne språkpolitikken byggjer vidare på det historiske vedtaket Stortinget gjorde 12. mai 1885, der det
103 gjekk inn for å jamstille «det norske Folkesprog» og «det almindelige Skrift- og Bogsprog», seinare kjent
104 som nynorsk og bokmål.

105 I 2024 kan vi feire runde jubileum for to viktige nynorskvedtak i nyare tid. For 50 år sidan, i 1974, vedtok
106 Stortinget at lærebøker til bruk i skulen skulle kome til same tid og same pris. Dette vedtaket var
107 avgjerande viktig for å sikre elevar retten til likeverdig opplæring i alle fag på nynorsk. For 10 år sidan, i
108 2014, vedtok Stortinget at Grunnlova skulle finnast i to jamstilte versjonar, ein på nynorsk og ein på
109 bokmål. At det mest grunnleggjande dokumentet for staten Noreg då kom på nynorsk, var ein stor siger
110 for nynorsken.

111 Noregs Mållag oppmodar stortingspolitikarar – frå alle parti – som er samde med oss i at Grunnlova må
112 få ei føresegn som seier noko om statusen til norsk språk, medrekna jamstillinga mellom nynorsk og
113 bokmål, om å vere med å levere eit slikt framlegg til endring av Grunnlova i år.

114

115

116 5 Nynorsk for vaksne innvandrарar i nynorskkommunar

117 Vaksne innvandrарar har ikkje same rett til læremiddel på nynorsk som elevar i grunnopplæringa har.
118 Difor kjem svært mykje av opplæringsmateriellet for denne gruppa berre på bokmål. Det er ni år sidan
119 førre gong det vart løyvd midlar til læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrарar over statsbudsjettet,
120 og behovet for fleire digitale og trykte læremiddel, ordbøker og tilleggsmateriell på nynorsk er svært
121 stort.

122 Signalet frå dei som driv vaksenopplæring på nynorsk, er at mangelen på læremiddel på nynorsk gjer
123 opplæringa svært krevjande. Etterslepet er stort, og med nye læreplanar på veg og med omlegging til
124 modulbasert opplæring, vert behovet berre endå større.

125 Språk og inkludering heng tett saman. Det er ein stor fordel å lære språket som vert brukt der du bur,
126 og mange stader er det å lære nynorsk i vaksenopplæringa også ein enklare inngang til det lokale
127 talemålet. Forsking viser at innvandrарar som brukar det lokale språket, vert meir positivt mottekne
128 både i lokalmiljøet og til dømes i jobbintervju.

129 Det er òg viktig at foreldre lærer det same språket som borna lærer i skulen. I dag er det berre kring
130 halvparten av nynorskkommunane som gjev norskopplæring på nynorsk for vaksne innvandrарar, og
131 læremiddelsituasjonen er den vanlegaste grunngevinga for at mange nynorskkommunar ikkje gjer det.

132 Ifylgje språklova har alle offentlege organ plikt til å særleg fremje nynorsk. Dette gjeld òg i
133 integreringspolitikken. Skal kommunane som driv norskopplæring for vaksne innvandrарar på nynorsk
134 kunne halde fram med det, og fleire nynorskkommunar ta til med det, må det løyvast midlar til
135 nynorske læremiddel på alle nivå snarast.

136

137

6 Hovudmålsreglane i opplæringslova treng snarleg opprydding

- 138
- 139 Den nye opplæringslova inneheld nye hovudmålsreglar, som kan få uheldige konsekvensar for
140 nynorsken særleg i vidaregåande skule og ungdomsskulen.
- 141 Paragraf 15-2 i den nye lova, med overskrifta «Hovudmål på kvar skole», lyder slik:
- 142 «Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på
143 kvar skole, anten bokmål eller nynorsk. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege
144 opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.»
- 145 I proposisjonen er det presisert at det som er vedteke som hovudmål for den enkelte skulen, anten
146 nynorsk eller bokmål, er det som skal nyttast i undervisninga og i annan kontakt med elevane og
147 foreldra.
- 148 I barneskulen er det i utgangspunktet eitt felles hovudmål for alle elevane i same skulekrins. Slik er det
149 ikkje i ungdomsskulen eller vidaregåande skule. Dit kjem elevane til frå ulike skular med ulike hovudmål.
150 Elevane har også moglegheit til å endre sitt personlege hovudmål når dei vil. Det må altså understrekast
151 at dei enkelte skulane med nynorsk eller bokmål som vedteke hovudmål for skulen kan ha elevar med
152 både nynorsk og bokmål som sine personlege hovudmål. Det er altså to heilt forskjellige
153 hovudmålsomgrep det er tale om.
- 154 Mange av nynorskelevane held til i såkalla randsoner, dvs. område der både nynorsk og bokmål blir
155 nytta utan at nynorsk er klart dominerande, og der erfaringa er at nynorsk er under press, og at mange
156 elevar byter frå nynorsk til bokmål i vidaregåande skule eller ungdomsskulen.
- 157 Når den nye opplæringslova krev at det skal vedtakast eitt hovudmål for kvar vidaregåande skule og
158 ungdomsskule, oppstår eit stort problem. Mange stader i randsonene vil det på den eine sida vera for
159 politisk kontroversielt å vedta nynorsk som hovudmål, samstundes som det vil vera potensielt
160 øydeleggjande med eit bokmålsvedtak for nynorskelevane på ein skule som får jamn tilførsel av
161 nynorskelevar. Dette ser vi klart i den saka som gjeld vedtak om hovudmål for vidaregåande skular i
162 Vestland fylkeskommune, der det har skapt stor motstand at skular i Bergen skulle få nynorskvedtak.
163 Denne situasjonen er ikkje drøfta eller teken stilling til av Kunnskapsdepartementet i samband med
164 førebuinga av opplæringslova.
- 165 Dersom vidaregåande skular og ungdomsskular med jamn tilførsel av nynorskelevar skulle få
166 bokmålsvedtak og tilhøyrande plikt til å bruka bokmål i undervisninga og all kontakt med elevane, vil
167 det bryta kraftig med det ansvaret offentlege organ har etter føremålsparagrafen i språklova til å fremja
168 nynorsk som det minst brukte norske skriftspråket.
- 169 Noregs Mållag meiner det er naudsynt å korrigera hovudmålsregelen så snart som råd, før
170 fylkeskommunane og kommunane går i gang med å gjera hovudmålsvedtak for vidaregåande skular og
171 ungdomsskular.
- 172 Det som trengst, er ein regel som fastset at vidaregåande skular og ungdomsskular kan ha både nynorsk
173 og bokmål som hovudmål, og at det blir presisert at desse skulane har plikt til å bruka nynorsk på ein
174 slik måte i undervisninga og i kontakt med elevane og foreldra at nynorskelevane og nynorsken kjem
175 godt ut av det og møter skriftspråket sitt i kvardagen.
- 176 Noregs Mållag meiner at bokmåselevar kan ha stor nytte av å møte mest mogleg nynorsk i
177 skulekvardagen. Derfor er det gode pedagogiske og språkpolitiske grunnar til at det bør vera høve til å
178 nytta nynorsk i undervisninga av elevar med bokmål som hovudmål. Men dersom nynorskelevar i
179 randsoner berre skal møte bokmål, fryktar vi at vegen til språkbyte for mange av desse blir kort.
- 180 Kunnskapsdepartementet må ta tak i dette arbeidsuhellet og snarast råd få endra ein regel som i verste
181 fall kan undergrava nynorsk som hovudmål i dei språkblanda områda i Noreg.
- 182

SAK 7 Kunstig intelligens og digitale utfordringar for nynorsken

Den teknologiske utviklinga går raskare enn språkpolitikken greier å følgja med. Språkorganisasjonane er ikkje åleine om å koma bakpå, det gjer også styresmaktene og andre aktørar. Gjennom dette punktet vil vi prøva å oppdatera oss litt meir på utviklinga, og kva som er dei viktigaste sakene vi kan gripa fatt i, sett frå ein nynorsk ståstad.

Innleiing ved **Erik Bolstad, sjefredaktør for Store norske leksikon.**

SAK 8 Personalressursar i organisasjonen

Innleiing ved Espen Tørset, nemndsleiar og 1. vara til styret.

BAKGRUNN FOR ARBEIDET I PERSONALRESSURSNEMNDA

Landsmøtet i Noregs Mållag 2022 gav i sak 11 Innkomne framlegg styret i oppdrag å setje ned ei gruppe som skulle kartleggje og greie ut om personalressursane i samskipnaden. Eit slikt arbeid skulle svare på følgjande:

- 1) Korleis kan Noregs Mållag og/eller fylkeslag administrere og finansiere stillingar med regionalt ansvarsområde?
- 2) Korleis skal den administrative tilknytninga til organisasjonen vere for slike stillingar?
- 3) Kva skal arbeidsoppgåvene for slike stillingar vere?
- 4) Bør Noregs Mållag ha regionale (løna) einingar?
- 5) Kvar skal regionale einingar i tilfelle lokalisrast, korleis skal dei organiserast og kva oppgåver skal dei ha?
- og 6) Korleis kan Noregs Mållag få økonomi til å finansiere fleire personalressursar?

Styret har i tillegg lagt til eit punkt 7) Kartleggje kva oppgåver som blir løyste av personalressursar i dag, og lage ei oversikt over kva behov fylkeslaga har i tillegg.

ARBEIDSGRUPPA, PROSESS OG KONKLUSJONAR

Fylkeslaga fekk høve til å kome med innspel til tillitsvalde som kunne sitje i ei slik arbeidsgruppe. Styret har peika ut ei arbeidsgruppe. Det er Espen Tørset og Peder Lofnes Hauge frå styret, Gro Morken Endresen og Hege Lothe frå skrifvarstova, Ane Landøy frå Hordaland Mållag, Borghild Løver frå Vest-Agder Mållag, Magne Heide frå Troms og Finnmark mållag og Åsmund Ormset frå Nordmøre Mållag. Espen Tørset er leiar for gruppa.

Arbeidsgruppa hadde eitt møte i Bergen i januar 2023 og har elles møttest digitalt. Dei har jobba ut frå denne grovskissa tidslinja:

Vinter og vår 2023: Arbeidsgruppa vil ha nokre digitale møte og hente inn innspel frå organisasjonen.

Juni 2023: Sak i styret som ei orientering om kvar arbeidet står.

November 2023: Førebels innstilling klar frå nemnda og sak i landsrådet

Vinteren 2024: Sak i styremøte og endeleg innstilling frå styret til landsmøtet i april 2024.

Det vart sendt ut nokre spørsmål til organisasjonen vinteren 2023, og arbeidsgruppa fekk tilbakemeldingar frå 11 fylkeslag og 4 lokallag. I innspela var Rogaland tydeleg på at det trengst ei stilling der i fylket med ein gong og Hordaland melde at dei har stor bruk for ei stilling, men at dei ser at det trengst meir pengar sentralt før ein kan få det til. Dei fleste andre gav uttrykk for at dei forstår at det er særlege behov på Vestlandet, men at ei satsing på Vestlandet ikkje må gå utover ressursituasjonen sentralt.

Ut frå innspela og drøftingane i arbeidsnemnda, landa nemnda til slutt ei innstilling som vart drøfta i landsrådet november 2023 og sendt på høyring i heile organisasjonen like før jul. Konklusjonane frå

nemnda vart samanfatta i fire ulike alternativ til løysing, med ei vurdering av fordelar og ulemper med kvar av løysingane. Den teksten følgjer under her.

FRAMLEGG

1. NULLALTERNATIVET, å ikkje gjere noka endring
2. NY STILLING PÅ SKRIVARSTOVA med ansvar for å følgje opp fylkeslaga som ein sentral del av stillingsinstruksen.
3. REGIONAL STILLING PÅ VESTLANDET, med særleg ansvar for Hordaland og Rogaland, men også ansvar for dei øvrige fylkeslaga. lokalisert der den som blir tilsett, bur.
4. 60 % STILLING PÅ VESTLANDET, lokalisert der den tilsette bur, finansiert om lag slik stillinga i Hordaland er i dag.

1. Fordelar: Det er vel knapt fordelar med at vi ikkje får styrkt organisasjonen. I beste fall kan det vere ein kortsiktig pluss at økonomien og organiseringa sentralt er stabile og at tilsette og styre kan jobbe "uforstyrra" / utan omorganiseringsarbeid.
Ulemper: Vi får ikkje styrkt organisasjonen, og det vil også på sikt hindre vekst.
2. Fordelar: Den tilsette går rett inn i eit arbeidsmiljø og ein fellesskap for målarbeid som vil vere nyttig i det daglege. Ressursane kan lett disponerast litt meir fleksibelt, slik at fleire i staben samarbeider og trør til på fylkesfeltet når det brenn der, i byte for at også fylkestillinga går inn i andre oppgåver når dei brenn.
Ulemper: Den tilsette er primært i digital kontakt med områda personen skal arbeide for og saman med. Alternativt vil det gå mykje tid og pengar bort i reiser.
3. Fordelar: Den tilsette er tett på i regionen der randson utfordringane er størst, og har vekselvis ingen eller nokså kort reiseveg. Dei aktuelle fylkesstyra vil truleg ha tettare kontakt med og kjenne større eigarskap til oppfølginga av den tilsette.
Ulemper: Det er meir sannsynleg at ein slik ressurs heile tida vil ha synlege eller innmelde oppgåver frå regionalt hald i "kø", og såleis i mindre grad vil erfare ledig kapasitet til å arbeide for fylkeslag på andre kantar av landet. Det kan truleg løysast med stram styring, men i utgangspunktet er det rimeleg å tru at det i større grad enn med andre alternativ vil prioritere Vestlandet.
4. Fordelar: Er kan hende mogleg å finansiere før vi lukkast med ekstraløyving i statsbudsjettet, då det vil krevje maks halvparten av randsonemidlane som blir fordelte til og med 2024.
Ulemper: Ei mindre deltidsstilling er ikkje det ideelle for arbeidstakaren og for at flest mogleg kvalifiserte/aktuelle, skal ha reelt høve til å vurdere å takke ja til ei slik stilling.

Frist for innspel frå organisasjonen var sett til 16. februar, slik at styret fekk handsama dei og gje ei endeleg innstilling på styremøtet 1.–3. mars i år.

Dei åtte høyringsinnspela som kom inn, følgjer her, med ei skjematisk samanfating av synspunkta i innspela nedst.

Kvam Mållag

Kvam Mållag har drøfta saka. Me trur at Noregs Mållag sentralt og lokalt vil få mest ut av ressursane om dei er samla og vert utvikla vidare i Oslo.

Vår røynsle er at me får god hjelp til små og store saker frå Oslo-kontoret. Takk for det!

Lukke til med arbeidet framover.

Sogn og Fjordane Mållag

Høyring om personalressursane i Noregs Mållag Uttale frå Sogn og Fjordane Mållag Sogn og Fjordane Mållag har tidlegare (29.03.23) sendt inn uttale om personalressursane i Noregs Mållag. I den uttalen peika vi på at arbeidsoppgåvene til dei tilsette på skrivekstova dekkjer heile landet og heile organisasjonen. Vi peika vidare på at behova for støtte frå sentralt hald varierer mykje frå fylkeslag til fylkeslag. Saka om målbyte er til dømes lite aktuell i Sogn og Fjordane, medan det i Hordaland er ei svært aktuell og viktig sak. På styremøte i Sogn og Fjordane Mållag 28. januar 2024 var saka oppe. Vi gjorde vedtak om å sende følgjande uttale Sogn og Fjordane Mållag tilrår alternativ 2: Ny stilling på skrivekstova med ansvar for å følgja opp fylkeslaga som ein sentral del av stillingsinstruksen.» Argument vi meiner talar for: • Vi tykkjer skrivekstova fungerer godt. Dei er gode både på informasjon, kommunikasjon og inspirasjon. Høyringssvara som er refererte i utgreiinga, stadfester og at fylkeslaga gjennomgåande er godt nøgde med skrivekstova. At skrivekstova vert styrkt ved ei eventuell ny stilling, ser vi på som positivt. • Arbeidsoppgåvene til dei tilsette på skrivekstova skal dekkje heile landet og heile organisasjonen. Ved å plassere stillinga på skrivekstova, kan ein lettare få ein god balanse når det gjeld støtte til dei ulike fylkeslaga. Det blir og mogleg å samordne personalressursane og målrette innsatsen mot dei behova som til ei kvar tid størst. • Den som eventuelt vert tilsett, vil ha eit fagleg og miljøpolitisk miljø rundt seg. Truleg kan det og verke positiv for rekrutteringa til stillinga. I utgreiinga heiter det: «Personalressursnemnda meiner trygging av nynorskelevar i tradisjonelle nynorskområde, no pressområde , bør vere høgt prioritert.» (Nemnda si utheving) Dette er vi samde i og det bør avspeglast i stillingsinstruksen for ei eventuell ny stilling. Vi strekar og under det som er sagt i alternativ 2 under framlegga om at stillinga skal ha ansvar for å følgja opp fylkeslaga som ein sentral del av stillingsinstruksen. Når det gjeld økonomi, ser ikkje personalressursnemnda at det er råd å opprette ei ny stilling innanfor dei rammene ein har i dag utan det får konsekvensar for andre budsjettpostar. Personalressursnemnda rår difor til at ei eventuell ny stilling blir finansiert med auka statleg støtte over statsbudsjettet. Dette støttar vi.

Odda Mållag

Høyringssdokument frå Odda Mållag vedteke styremøte 29.01.24 Noregs Mållag må prioritera Hordaland i bruk av økonomiske midlar. Fram til samanslåinga med Sogn og Fjordane var Hordaland det største nynorskfylket i landet med nær på ein tredjepart av alle nynorskelevane i landet. Av 75 244 nynorskelevar vart 24 346 heimehøyrande i Hordaland i skuleåret 2019/20. I Vestland fylke bur over femti prosent av alle nynorskelevane i Noreg. Men i motsetnad til i Sogn og Fjordane er nynorsken sterkt truga i Hordaland. Frå 1992 til i dag har nynorskprosenten i Hordaland felle frå 52 til 38 prosent. Særleg utsett har nynorsk skulemål vore i og omkring Bergen. For å illustrera tilbakegangen for nynorsk i Vestland fylkeskommune vil me visa til tal frå Nynorsk faktabok 1998 av Ottar Grepstad og e-post frå skulemålskrivaren i Noregs Mållag Ingar Arnøy dagsett 05.02.24. I 1995 hadde 37 726 elevar opplæring på nynorsk i fylka Hordaland og Sogn og Fjordane medan 24 565 elevar hadde opplæring på bokmål. Det vil seia at i 1995 hadde 60,56 prosent av elevane i det som no heiter Vestland fylke opplæring på nynorsk. Skuleåret 2023/24 har 36 963 elevar i Vestland fylke opplæring på nynorsk medan 39 868 elevar opplæring på bokmål. Det vil seia at 48,10 prosent av elevane i grunnskulen i Vestland fylke i dag har nynorsk som hovudmål. I Arna er nynorsk skulemål langt på veg borte. I skuleåret 20/21 var det 13 elevar i tiande klasse på Garnes ungdomsskule som hadde nynorsk som hovudmål. Desse 13 elevane vart blanda i fem eller seks klassar med til saman 146 elevar. Tala frå Arnøy fortel at skuleåret 2023/24 hadde 18 elevar i tiande klasse på Garnes ungdomsskule opplæring på nynorsk i språkblanda klassar. I dei gamle Norhordlands-kommunane Meland og Lindås er nynorsken i faresona og endå meir utsett er

områda vest for Bergen. Der rasar nynorsk ut or skulen. Dette gjer seg m.a. utslag i at berre fire prosent av elevane på Sotra vidaregåande skule har nynorsk som hovudmål. Sotra vidaregåande skule er nærskulen til elevane i dei gamle kommunane Sund, Fjell og Øygarden som no er slegne saman til «nye» Øygarden kommune med 39 032 innbyggjarar. Mykje tyder på at nynorsken vil få same lagnaden i Øygarden som han fekk i Arna. I Arna var det så seint som i 1976 76 prosent av elevane som fekk opplæring på nynorsk. I Bergen har nynorskprosenten falle frå seks til ein prosent dei siste tjue åra. For å demma opp mot dette sterke bokmålspresset trengst det medvite og strategisk målarbeid. For å stø opp om dette arbeidet meiner Odda Mållag at Hordaland treng minst ei administrativ stilling som kan vera eit operativt nav og praktisk koordinator. Det må liggja føre ei gjennomarbeidd skildring av arbeidsoppgåver før stillinga vert utlyst, slik at søkjarane veit kva dei søker på, og styra regionalt og nasjonalt, har noko å evaluera arbeidet ut frå. Finansieringa av stillinga må i hovudsak vera gjennom overføring frå Noregs Mållag, m.a. som ein del av statsløyvinga som i 2022 var på 6 290 00 kr og målgåvebrev fra fylkeslaget. Kanskje bør fylkesmålslaget i Sogn og Fjordane trø støttande til. I eit lengre perspektiv står Sogn og Fjordane i eit lagnadsfelleskap med målarbeidet i Hordaland. Det kunne og vera ein tanke at fylkesmålslaga i Hordaland og Sogn og Fjordane slo seg saman. Eit argument er at ein då stod mykje sterkare overfor fylkeskommunen. For ikkje alt er som det skal vera i dei vidaregåande skulane, og då er det viktig at nynorskfolket i Vestland fylke kan tala samstemt. Målfolk over heile landet må sjå kor viktig gamle Hordaland er for nynorsk som eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Og dette må få konsekvensar for korleis midlane i Noregs Mållag vert brukte.

Bergen Mållag

Høyring om personalressursar i Noregs Mållag Bergen Mållag takkar for høve til å sende inn sine merknader til framlegget frå arbeidsgruppa som har greidd ut om personalressursar i Noregs Mållag. Personalressursnemnda konkluderer med ei liste over fire framlegg: "1. NULLALTERNATIVET, å ikkje gjera noka endring 2. NY STILLING PÅ SKRIVARSTOVA med ansvar for å følgja opp fylkeslaga som ein sentral del av stillingsinstruksen. 3. REGIONAL STILLING PÅ VESTLANDET, med særleg ansvar for Hordaland og Rogaland, men også ansvar for dei øvrige fylkeslaga. lokalisert der den som blir tilsett, bur. 4. 60 % STILLING PÅ VESTLANDET, lokalisert der den tilsette bur, finansiert om lag slik stillinga i Hordaland er i dag." Av desse fire er det framlegg 3 og 4 som vi ser som mest aktuelle. Hordaland Mållag har i dag tilsett organisasjonskonsulent i 60 % stilling, finansiert gjennom medlemspengar, målgåver og randsonemidlar. Den tilsette brukar i dag tida til hovudsakleg to oppgåver: Styrking av lokallaga og skulemålarbeid. Bergen Mållag har hatt nytte og glede av organisasjonskonsulenten til Hordaland Mållag. Ho har vitja og hatt kontakt med tilsette på omlag 15 skular og 25 barnehagar i regionen, i Bergen, Øygarden, Alver og Askøy kommunar, og har også hatt møte med lærarar, rektorar og kommuneadministrasjon i desse kommunane. I Bergen Kommune har ho tett kontakt med Byrådsavdelinga for barnehage og skule, og deltek på møte. Dette er eit arbeid som vi ikkje ser korleis kunne blitt utført frå Oslo. Det er også eit arbeid som i høg grad går føre seg på dagtid, og er vanskeleg å kombinere med friviljug arbeid i styret til BM. Slik det er no er stillinga leidd frå styret i Hordaland Mållag, men har jamnleg kontakt med Skrivarstova, noko vi ser som ein føremun. Frå Bergen Mållag si side verkar dette som ein god styringsstruktur, men vi trur ikkje det vil verte vesentleg dårlegare om stillinga formelt vert styrt frå Oslo.

Rogaland Mållag

Rogaland mållag vil løfte eit alternativ 5 med ei 50 % stilling til Rogaland (10 % mindre enn alternativ 4) som fylkeslaget sjølv supplerer med yttarlege 50 % i ein tre-årsperiode i tråd med prosjektet vårt: «Meir mål i Rogaland».

Me sluttar oss til nemnda der ho «meiner at trygging av nynorskelevar i tradisjonelle nynorskområde, no pressområde, bør vera høgt prioritert.» Dette er me heilhjarta samde i, og det er nett dette prosjektet vårt, «Meir mål i Rogaland», set seg som mål å bøte på. Det er likevel tydeleg for oss at me

tenkjer i litt andre baner enn nemnda. Me ser nemnda tenkjer i tradisjonell lei med styrking av eit allereie tungt sentralt ledd med 7 faste stillingar framfor ei meir open, prosjektbasert tilnærming med slagkraft og momentum. I motsetning til slik nemnda legg det fram i innstillinga si har det aldri vore tale om ei fast stilling her i Rogaland, men eit prosjekt på tre år.

Rogaland mållag reiste debatten om å desentralisera oppgåver frå skrivarstova og ut alt før 2010. Ei viktig grunngeving for denne haldninga har vore at det må vera ein sterkare beredskap og handlekraft ute der nynorsken er og lever kvar dag i sterk konkurranse med bokmålet. Derfor hadde fylkeslaget store voner for arbeidet om at nemnda og sentrallekken no ville ta utfordringa og styrkje grunnfjellet i organisasjonen. Situasjonen med målbyte har berre vorte meir krevjande sidan den gong. 4 av 5 byter frå nynorsk til bokmål frå grunnskulen til vidaregåande skule hjå oss. Dette er alvorleg, og får dette halde fram, så tapar nynorsken på Jæren på stutt sikt. Tapar han her, midt i kjerneområda, så vil nynorsken tape terreng i heile landet på sikt. Mistar du ku og kvige, får du aldri meir kalvar, sjølv kor mange oksar det er, for å seia det enkelt.

Rogaland mållag meiner sentrallekken med sin struktur ikkje har klart å kome med tiltak som viser nytenking som kan bøyte på dei voksande utfordringane i distrikta. Det meiner me er vesentleg for å lukkast med å få auka rammeløyve frå staten. Eit prosjekt over ei avgrensa periode ville kunne brukast i arbeidet med å auke rammeløyva ved å vise til at ein, basert på analysen, tenkjer i nye baner og er viljug til å bruke eigen kapital for å jobbe ut i frå denne analysen. Ved suksess vil det på sikt kunne gje både fast finansiering av ei slik regional stilling og den ønska styrkinga av den sentrale skrivarstova.

Me er derfor skuffa over den innstillinga som er lagt fram og som syner ein liten vilje til å forstå dei utfordringar nynorsken står i i dei områda der nynorsk framleis er ein del av kvardagen.

Rogaland og særskilt Jæren er eit slikt område. På Jæren finn me den største nynorskkonsentrasjonen med omlag 7000 elevar i skulen – med bokmål ikring seg på alle kantar. Fram mot 2050 vil folketallet i dette området auka frå vel 70 000 til 82 000 menneske, og dei aller fleste skal her normalt ha nynorsk som opplæringsmål. Utfordringa er at dei fleste vil vera tilflyttarar til Jæren frå meir bynære strom med dei utfordringar det fører med seg. Jærregionen har dei siste åra hatt skulemålsrøystingar – og utan tiltak blir dei ikkje dei siste.

Prinsipielt meiner me at målrørsla må vera sterkare til stades der nynorsken er. Å vera tett på i det haldningsskapande arbeidet er viktig, ja rett ut avgjerande. Det er kanskje ikkje den store motstanden til språkarbeidet, men det er så mange andre kampar som blir opplevd viktigare å ta når læraren med bokmålsbakgrunn skriv bokmål på tavla i møte med elevane sine eller han heng opp plakaten på idrettsplassen. Nynorsken er i vekst blir det sagt. Fosseeffekten gir framtidstru for statusen til nynorsken. Ser me på tilstrøyminga til målrørsla er det ikkje er nynorsken er at rørsla veks – det er der nynorsken ikkje er, altså i dei bynære områda. Me ser at laga våre slit og det er krevjande å få folk til å ta på seg oppgåver. Derfor er det i regionar som vår viktigare enn nokon gong å få til å byggje eit sterkare forsvarsverk mot den utviklinga me ser for nynorsken. Og det skjer lokalt/regionalt i dialog med skrivarstova i hovudstaden.

Nemnda som har sett på personalressursane har landa at alt må vera slik det er i dag. Ei løysing som blir opplevd merkeleg når resepten ikkje ser ut til å løysa dei utfordringar rørsla står over for. Noregs Mållag har aldri fått større statlege løyvingar enn no, og derfor burde det vore tid for å sjå om det er andre måtar å organisera bruken av desse midlane på. Kor trengs det innsats og kven kan me få med å ta ansvar slik midlane og innsatsen blir større og vidare?

Skrivarstova har alt ein sterk administrasjon og det er på tide å tenkje nytt og annleis for korleis møte utfordringa nynorsken står over for. Administrasjonen i Oslo kan aldri bli stor nok, dei arbeider godt og det er lett å forsvare og sjå til andre liknande organisasjonar – men dei er tett på der kampene står. No ulmar det rundt denne grunnmuren og då er det viktig å setja inn mannskapet der utfordringane er størst. Denne analysen har nemnda diverre ikkje sett på i innstillinga si.

«Meir mål i Rogaland» skal gje impulsar til identitetsarbeidet og gje tips og kunnskap om nynorsken si kraft i kvardagen der språket lever og er under press. Å tenkje prosjekt gjer det lettare for gode og unge idealistar å gå inn i arbeidet for ei tid og gjera eit viktig arbeid for saka framfor den meir vanlege byråkratiseringa av oppgåvene. Rogaland mållag meiner ein tek brodden av kampvilje og momentum om ein utelatande er lokalisert i hovudstaden, og det vert for mange faste stillingar over tid.

Gjennom vårt prosjekt og samarbeid med andre er det óg svært store ressursar som dei friviljuge kan søkje om støtte frå om grunnlaget for oppgåvene er gode nok – her bør ikkje målrørsla stå tilbake for andre.

Difor vil Rogaland mållag løfte eit alternativ 5 med ei 50 % stilling til Rogaland (10 % mindre enn alternativ 4) som fylkeslaget sjølv supplerer med yttarlege 50 % i ein tre-årsperiode i tråd med prosjektet vårt: «Meir mål i Rogaland».

Bærum Mållag

Bærum Mållag ser klart at det er behov for ein styrka innsats i område der nynorsken er under press. Her blir det gjort mykje godt arbeid, men det er ikkje nok.

Noregs Mållag har hatt stor framgang dei siste åra både ideologisk og som organisasjon, men framgangen og veksten i samskipnaden stiller aukande krav til kapasiteten i sekretariatet. Vi vil åtvare mot tiltak som ber i seg ei omfordeling der dei økonomiske rammene for skrivarstova blir trongare. Det kan bli til mein for organisasjonen. Nynorsk skulemål og bruksmål må tryggjast i pressområda, men dette bør ikkje skje med grep som kan skiple balansen i samskipnaden og målarbeidet. Vi meiner difor at styrking av personalressursane på fylkeslagsnivå på Vestlandet bør vente til Noregs Mållag kan auke budsjettrammene sine.

Vilkåra for auka statleg støtte er betre enn før. Etter at Jon Fosse fekk nobelprisen i litteratur, har verda oppdaga nynorsk og dei verdiane språket hyser. I det ligg det eit nytt omsyn i tillegg til dei eksisterande forplikingane styresmaktene våre har. Styresmaktene må syte for aktive tiltak for å tryggje livsvilkåra for nynorsk som levande bruksspråk. Difor bør det opprettast ei eller fleire stillingar for å styrka nynorsk i kjerneområda finansiert med auka støtte over statsbudsjettet. Men berre ved å ha ein kompetent og operativ sentralkommisjonen kan vi ha von om å få gjennomslag for dette, som bør vera ei prioritert oppgåve for Noregs Mållag i kommande periode.

Av dei fire konkrete modellane nemnda har vurdert, meiner Bærum Mållag at alternativ 3 er det beste: Ei regional stilling på Vestlandet med særleg ansvar for Hordaland, Rogaland og Agder, men også ansvar for dei andre fylkeslaga. Stillinga skal styrast av Noregs Mållag sentralt og den tilsette rapporterer til leiaren i samskipnaden. Ei slik løysing er eit viktig tiltak for gjera noko med presset på nynorsk i kjerneområdet. Samstundes er dette ei løysing som er best tilpassa strukturen i organisasjonen.

Suldal Mållag

Suldal Mållag hadde saka om personalressursane i organisasjonen oppe i styremøte 23/01/24.

Me støttar arbeidsgruppa sitt alternativ 3.

Me meiner ei 100 % stilling, som kan arbeida lokalt på Vestlandet, vil vera eit stort gode for oss. Stillinga bør administrativt og økonomisk ligga under den sentrale administrasjonen, men fylkeslaga bør til ei kvar tid få sterk påverknad på arbeidsoppgåvene til denne stillinga.

Hordaland Mållag

Hordaland Mållag takkar for høve til å sende inn sine merknader til framlegget frå arbeidsgruppa som har greidd ut om personalressursar i Noregs Mållag.

Personalressursnemnda konkluderer med ei liste over fire framlegg:

- “1. NULLALTERNATIVET, å ikkje gjera noka endring
2. NY STILLING PÅ SKRIVARSTOVA med ansvar for å følgja opp fylkeslaga som ein sentral del av stillingsinstruksen.
3. REGIONAL STILLING PÅ VESTLANDET, med særleg ansvar for Hordaland og Rogaland, men også ansvar for dei øvrige fylkeslaga. lokalisert der den som blir tilsett, bur.
4. 60 % STILLING PÅ VESTLANDET, lokalisert der den tilsette bur, finansiert om lag slik stillinga i Hordaland er i dag.”

Av desse fire er det framlegg 3 og 4 som vi ser som mest aktuelle. Hordaland har i dag tilsett organisasjonskonsulent i 60 % stilling, finansiert gjennom medlemspengar, målgåver og randsonemidlar. Vi ser at det kan vere utfordrande å skaffe fullfinansiering til 60 % stilling. Styret vil derfor signalisere at Hordaland Mållag er open for å vere med på å dele på lønnsutgifter.

Etter vår røynsle er 60 % stilling tilstrekkeleg for den delen som gjeld arbeidet i Hordaland Mållag. Den tilsette brukar i dag tida til hovudsakleg to oppgåver: Styrking av lokallaga og skulemålsarbeid.

Frå årsmeldinga 2023 kan vi sjå at organisasjonskonsulenten har bidrege til å få samla eit nytt styre i Askøy Mållag, og delteke på årsmøtet der 25. april 2023. Ho har vitja og hatt kontakt med tilsette på omlag 15 skular og 25 barnehagar i regionen, i Bergen, Øygarden, Alver og Askøy kommunar, og har også hatt møte med lærarar, rektorar og kommuneadministrasjon i desse kommunane.

Dette er eit arbeid som vi ikkje ser korleis kunne blitt utført frå Oslo. Det er også eit arbeid som i høg grad går føre seg på dagtid, og er vanskeleg å kombinere med friviljug arbeid i styret til HM.

Slik det er no er stillinga leidd frå styret i Hordaland Mållag, men har jamnleg kontakt med Skrivarstova, noko vi ser som ein føremun. Frå Hordaland Mållag si side er dette ein god styringsstruktur, men vi trur ikkje det vil verte vesentleg dårlegare om stillinga formelt vert styrt frå Oslo.

Lag	Ynskt modell	Prioritering økonomi	Andre innspel
Kvam Mållag	Alternativ 1 eller 2	ingen	ingen
Sogn og Fjordane Mållag	Alternativ 2	etter auka løyving	ingen
Odda Mållag	Ei blanding av 3 + 4 - dvs. 100 % stilling i Hordaland	Må finansierast no ut frå statsløyvinga vi har + målgåver regionalt	Sogn og Fjordane bør kanskje vera med i spleisen + kanskje slå saman fylkeslaga for større slagkraft opp mot fylkeskommunen

Bergen Mållag	Alt. 3 eller 4	Vanskeleg å tolka.	Daglege møte med skular og barnehagar kan ikkje skje frå Oslo.
Rogaland Mållag	Nytt alt. 5	Må finansierast no. 50 % finansiering sentralt av full stilling i Rogaland	
Bærum Mållag	Alt. 3	Må venta på ekstra løyving, som dei meiner er lettast å få dersom ein ikkje svekkjer skivarstova fyrst.	
Suldal Mållag	Alt. 3	Skriv ikkje noko	Tek til orde for sentral styring med stor påverknad frå dei aktuelle fylkeslaga
Hordaland Mållag	Alt. 3 eller 4	Vil gjerne dela på kostnadene ved 60 %, fordi dei ser at sentrallekken ikkje har råd.	Nøgd med lokal styring og sentral god kontakt, men har ingen problem med at den formelle styringa er sentralt plassert.

Innstilling frå styret i Noregs Mållag til landsmøtet

Vurdering

Tilbakemeldingane frå organisasjonen er delte. Dei fleste fylkeslaga peikar på at det er ein fordel å sameine personalressursane (i hovudsak) på skivarstova i Oslo. Desse fylkeslaga vektlegg at det er eit større fagleg miljø og at desse ressursane kan vere tilgjengelege, men fordelt ulikt etter kva oppgåver som skal løysast, i heile organisasjonen i heile landet.

Både Rogaland Mållag og Hordaland Mållag peikar på at dei treng og ynskjer lokalt tilsette som kan gjere ein aktiv jobb spesielt retta inn imot skulemålsarbeidet lokalt.

Hordaland Mållag har erfaring med tilsett over fleire år, siste åra i 60 prosent stilling. Medan Rogaland Mållag ynskjer å få til ei prosjektstilling på heil tid over tre år. Ei satsing på desse to fylkeslaga vil krevje såpass mykje ressursar frå sentralt at det ikkje er mogleg å vidareføre randsonemidlane som har vore fordelt etter tal nynorskelevar i Valdres, Austmannalaget, Romsdal, Nordmøre, Sunnmøre, Hordaland, Karmsund, Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark og Buskerud i 2022, 2023 og 2024.

Styret har følgd dette arbeidet gjennom heile perioden og har vore opptekne av å få til ei ekstra satsing i Hordaland og Rogaland, men har meint at det ikkje kan gjerast dersom det går ut over ressursane sentrallekken har i dag. Signala har difor lenge vore at dette ikkje er råd å få til utan ein auke i løyvinga over statsbudsjettet (eller andre tilsvarande større, nye inntekter). Med det utgangspunktet har styret arbeidd målretta og grundig med å få på plass ei auka løyving før budsjettsaka for 2025 skulle handsamast. Det har vi diverre ikkje lukkast med, og såleis har det vore svært uvisst om det var råd å koma til landsmøtet med ei utvida satsing for den komande toårsperioden.

Når styret no kjem med eit framlegg som er meir positivt enn tidlegare signal, er det ut frå ein grundig gjennomgang av økonomien etter at vi har kjøpt kontorlokale, og også ut frå nokre føresetnader som ligg dei føreslegne økonomisakene. Dei to viktige faktorane vi kan kontrollere, er å få ned gjelda og dermed finanskostnadene og å auka inntektene, i hovudsak medlemspengane.

Viktige argument for å prioritera Rogaland og Hordaland no utover det at mange elevar stadig vurderer å byta til bokmål fordi dei bur i eit språkblanda område, er at det byrjar bli ein heil del uro rundt omkring knytt til vedtak om opplæringsmål i ungdomsskulen, konsekvensar, klassedelingar med meir. Såleis er sumaren/hausten 2024 ein langt viktigare periode å få gjort ein innsats på dette arbeidsfeltet, enn seinare. Mykje kjem til å skje inn mot det komande skuleåret og sikkert også i neste skuleår, for etternølarane.

Rogalandsskulane er absolutt utsette i dette arbeidet, då dei har mange område med språkdelling, og difor er det viktig at dei får midlar til å koma i gang så snart som råd.

Styret vurderer ikkje nynorskelevane i det eine fylket som viktigare enn i det andre fylket. Når vi likevel føreslår at Rogaland Mållag får ein noko større del enn 50 % av dei avsette midlane, er det to grunnar til det. Den eine er at dei har eit ferdig treårig prosjekt som også involverer andre eksterne samarbeidspartnarar som bidreg i finansieringa. Det andre er at Hordaland Mållag i lang tid har fått ein del støtte frå sentrallekken og såleis har hatt høve til å ha ein tilsett i fleire år. Det å prioritera Rogaland høgst no, vil såleis rettare vera ei utjamning om ein ser det over tid.

Konkrete framlegg

Styret føreslår å gå inn på modell nr. 5 som Rogaland Mållag spelte inn i høyringa. Dermed har styret løyvd litt ekstra pengar i budsjettet for 2024 (ikkje landsmøtesak) og lagt inn ei løyving i 2025 og 2026. Styret legg også til grunn at prosjektet slik det er lagt fram, går over tre år og treng finansiering eit halvt år i neste budsjettperiode. Det ligg det til landsmøtet i 2026 å vedta.

Styret føreslår også å leggja til rette for at Hordaland Mållag kan halda fram med stillinga dei har i dag. Det legg styret til grunn at er mogleg dersom sentrallekken stiller med randsonemidlar på det nivået som vart overført i 2024.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet løyver lønsmidlar tilsvarende 50 % for Rogaland i ein prosjektperiode for tre år. Det tilsvarende 400 000 kroner i 2025 og 430 000 kroner i 2026.

Landsmøtet løyver lønsmidlar til Hordaland for å vere med å finansiere 60 % stilling. Det utgjør 270 000 kroner i 2025 og 290 000 kroner i 2026.

Det skal vere ei prosjektgruppe for kvar av stillingane der sentrallekken har éin representant. Fylkeslaga og eventuelle andre samarbeidspartnarar avgjer sjølv samansetninga av prosjektgruppa elles.

Regionalt tilsette blir knytte til sentrallekken gjennom å bli inkluderte i dei ordinære stabsmøta kvar veke.

Arbeidsgjevaransvaret skal liggja anten hjå Noregs Mållag eller hjå andre samarbeidspartnarar som frå før har lønsarbeidarar.

SAK 9 Presentasjon av felles digitalt ressursområde for laga

Skrivarstova arbeider med å få organisasjonen over på fleire heildigitale løysingar og løysingar som er lette å dela med kvarandre. I samband med endringane med flyttinga av kontoret seinhausten 2023, vil Google og dei delingsverktøya dei tilbyr, vera den primære arbeidsreiskapen vår.

I det arbeidet har vi også planlagt at nyttige ressursar for organisasjonen skal finnast i slike fellesområde som kan delast med alle laga.

Politikkrådgevar Frida Pernille Mikkelsen presenterer løysinga for landsmøtet.

SAK 10 Økonomi

Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram økonomisakene.

Denne saka inneheld fire vedtakspunkt:

- 9.1 Endring i investeringsprofil for Fondet for norsk målreising
- 9.2 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2026–2028
- 9.3 Årspengar for 2026 og 2027
- 9.4 Budsjett for 2025 og 2026

ØKONOMISKE STYRINGSVERKTØY

Desse styringsverktøya er planlagde for den toårige landsmøteperioden:

- ✓ Budsjett for to år blir vedteke av landsmøtet.
- ✓ Revidert driftsbudsjett blir vedteke av styret år for år.
- ✓ Prognose blir lagd fram for styret til orientering og som grunnlag for eventuelle åtgjerder. Prognosen er resultatet av kjende tal for den delen av året som er gått, kombinert med ei vurdering av sannsynleg utvikling resten av året.
- ✓ Driftsresultat per førre månad blir lagt fram for styret saman med prognosen. Rekneskapstala blir jamførte med driftsbudsjett og året før.
- ✓ Årsrekneskap blir godkjend av landsmøtet i samsvar med § 5.1 i lov for Noregs Mållag.
- ✓ Prosjektbudsjett som identifiserer inntekter og kostnader for dei ulike tiltaka og planane som skal gjennomførast.
- ✓ Tiltak i arbeidsprogrammet må dermed talfestast i kostnader og inntekter så langt råd er. Arbeidet med slik prosjektbudsjettering kan fyrst ta til etter at landsmøtet har vedteke arbeidsprogrammet. Det reviderte budsjettet som styret vedtek, blir dermed det viktigaste grunnlaget for den økonomiske drifta av organisasjonen.

Konsekvensen av å bruka desse økonomiske styringsreiskapane er at det er både ynskjeleg og naudsynt at budsjettdrøftinga på landsmøtet rettar seg mot dei overordna måla og tala. Landsmøtet vedtek dermed eit rammebudsjett med visse resultatkrav, som det blir styret si oppgåve å realisera innanfor dei føresetnadene som er stilte.

Driftsåret i eit ordinært landsmøteår ser slik ut:

Februar/mars: Styret vedtek tilråding av budsjett for dei neste to åra for landsmøtet.

April: Landsmøtet vedtek budsjett for dei neste to åra, i tråd med § 5.1 i lov for Noregs Mållag

Mai/juni: Styret får driftsresultat per april og prognose til orientering, og gjer eventuelle vedtak om tiltak.

August/september: Styret får driftsresultat per juli og prognose til orientering og gjer eventuelle vedtak om tiltak.

Nov./desember: Styret får driftsresultat per oktober og prognose til orientering og gjer eventuelle vedtak om tiltak.

Januar: Styret vedtek revidert budsjett for arbeidsåret med grunnlag i arbeidsprogrammet og resultatet for førre året.

Mars: Styret avsluttar arbeidet med rekneskapen for året før.

April: Landsmøtet godkjenner rekneskapen for dei to førre åra.

I oddetalsår er det ikkje landsmøte, og rekneskapen vil då bli vedteken i styret og lagd fram for neste ordinære landsmøte.

9.1 Endring i investeringsprofil for Fondet for norsk målreising

Etter at Noregs Mållag kjøpte kontorlokale i juni 2023, har fondsstyret og styret i Noregs Mållag drøfta at det burde vera klokt å investera fondsmidlane i eigedom i staden for hjå ein fondsforvaltar. Det opnar ikkje vedtektene for i dag, med den investeringsprofilen som ligg der.

Vedtektene seier heller ikkje noko om at endringar i investeringsprofilen skal leggjast fram for landsmøtet, men det har vore gjort slik før, og såleis verkar det ryddig å gå til landsmøtet også med dette framlegget til endring.

Fondsstyret bed landsmøtet om å endra to formuleringar i det som gjeld investeringsprofilen for fondet. Den fyrste gule markeringa i vedtaksframlegget under er eit reint tillegg. Framlegget er med andre ord at attåt dei investeringsvala ein har i dag, kan ein også velja å setja pengane i vår eigen kontoreigedom. Det andre framlegget (også gult) er å endra «skal» til «kan». Dei seinare åra har det ikkje vore overført pengar frå fondet til drift av Noregs Mållag, fordi dei to styra har meint at pengane står like godt i fondet som på ein driftskonto. Det har ikkje vore heilt i samsvar med det vedtektene faktisk seier, og fondsstyret ynskjer no å få rydda opp i det, då med framlegg om at Noregs Mållag ikkje lenger skal ha krav på å få ei slik årleg overføring.

Framlegg til vedtak:

Fondsmidelen skal plasserast på høgste rente i bank eller på anna sikker og renteberande måte eller i aksjefond med god risikospreiing eller i fast eigedom eigd av Noregs Mållag. Noregs Mållag kan kvart år få overført ein pengesum tilsvarande om lag renta i pengemarknadsfonda, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag.

9.2 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2026–2028

Landsmøtet i 1991 opna for frikjøp av leiar e.a. gjennom denne merknaden til budsjettet for 1992:

På lønsbudsjettet vil det bli gitt rom for løna leiar/frikjøp av leiar. Desse midlane blir brukte til frikjøp av leiar, andre styremedlemmer og eventuelt andre, etter vedtak i styret.

I 2007 vedtok landsmøtet:

Landsmøtet bed styret om å på landsmøtet i 2008 innstilla på leiarløn både for perioden 2008–2009 og 2009–2010. For seinare landsmøte skal vedtak om leiarløn vera ein del av det budsjettet som landsmøtet har oppe til vedtak, slik at landsmøtet i 2009 vedtek leiarløn for april 2010 til april 2011.

Denne ordninga har sidan vore brukt på ulike måtar. Både for valnemnda og for den som blir vald som leiar, er det naudsynt at rammevilkåra for leiaren er klåre for kvar funksjonsperiode.

Summen i budsjettet bør vera ei maksimalramme, og styreleiaren står fritt til å ta ut honorar for ein mindre brøk enn 1/1 stilling. Det er heller ikkje sjølvstøtt at frikjøpssummen for styreleiar skal vera identisk med løn til dagleg leiar. Behov, kompetanse, arbeidsmengd og arbeidsfordeling kan skifta. Styret legg til grunn for innstillinga si til landsmøtet, at leiaren vert frikjøpt med utgangspunkt i den løna vedkomande har i den ordinære stillinga si. Styret ynskjer likevel å leggja løna rimeleg høgt, ut frå ei vurdering av det ansvaret og den arbeidsbyrda som ligg til leiaren i Noregs Mållag. Det føreslegne lønsspennet representerer difor styret si vurdering av kva som bør vera lågaste og høgaste moglege lønsinnplassering for dei komande arbeidsåra.

Det er i alle høve landsmøtet som må fastsetja den årlege summen. Løna til dagleg leiar er lønssteg 77 som frå 01.05.2023 er kr 796 600.

Dersom andre styremedlemer skal frikjøpast, legg styret til grunn at dei vert frikjøpte i den løna dei har, men med same maksimumsløn som leiaren.

Landsmøtet i 2022 gjorde vedtak om å setja av lønsmidlar til frikjøp av styreleiar for perioden 2024–2026 i full stilling i lønssteg 64–79.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2026–2028 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønssteg 69–80 i statsregulativet. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.

9.3 Årspengar for 2026 og 2027

Årspengane for 2024 og 2025 er sette til 310 kroner. Landsmøtet skal fastsetja årspengar for 2026 og 2027. Fastsetjing av årspengar er regulert i lov for Noregs Mållag § 4.6:

Noregs Mållag har faste årspengesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Familiemedlemer og lag som også er med i Noregs Ungdomslag betalar halve årspengar. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral kontingent gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje kontingent til samskipnaden.

§ 3.2 seier dette om årspengar frå Norsk Målungdom:

Norsk Målungdom svarar ei - 1 - krone for kvar medlem til Noregs Mållag.

Landsmøtet skal også vedta tilrådd sats for lokallaga og fylkeslaga.

Styret gjer framlegg om å auka medlemspengane frå 2026 for å halda nokolunde tritt med prisveksten elles i samfunnet og for å kunna delfinansiera stillingar i Rogaland og Hordaland i (delar av) denne perioden.

Årspengar - nominell og reell auke 2010–2027

År	Nom kr	2015-kr	Konsumprisindeks
2027	330	241	137,0
2026	330	246	134,3
2025	310	238	130,5
2024	310	238	126,1
2023	300	250	120,2
2022	300	253	118,4
2021	300	260	115,4
2020	300	265	113,1
2019	290	262	110,8
2018	290	268	108,4
2017	290	275	105,5
2016	290	280	103,6
2015	280	280	100
2014	280	286	97,9
2013	280	292	95,9
2012	280	298	93,9
2011	280	300	93,3
2010	270	293	92,1

MERK: Tabellen syner nominell og reell kroneverdi ut frå framlegget til medlemspengesats. Prognose for åra 2024–2026: 4,3 %, 3,5 % og 2,9 % prisauke. Prognose for 2027 ligg ikkje føre og er stipulert til 2 %. Det er ikkje teke omsyn til at dei røynglege utgiftene for Noregs Mållag er større enn prisauken.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årspengane for 2026 og 2027 blir sette til 330 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagssats er 60 kroner.

9.4 Budsjett for 2025 og 2026

Tal i 1000 kroner, oversyn over kostnadene følger på neste side. Kva som løyner seg attom dei ulike postane, kan ein få god oversikt over i årsmeldinga, der postane er kommenterte saman med presentasjonen av rekneskapen.

	REKN 22	REKN 23	LM- vedtak BUD 24	STYRE- REV BUD 24	FRAML. BUD 25	FRAML. BUD 26
INNTEKTER						
Sal av materiell	75	102	70	85	85	85
Norsk Tidend	71	77	50	75	75	75
Adventskalender/lotteri	221	106	200	100	100	100
Medlemspengar	5 086	5 215	5 120	5 500	5 500	5 800
Prisar og stipend	133	133	133	133	133	133
Landsmøte	1 152	0	1 100	1 170	0	1250
Møte-/seminarinntekter	74	84	40	74	80	50
Tenestosal	0	0	0	5	30	30
Målgåver	1 611	1 920	1 950	1 772	1 800	1 850
Statstilskot	6 290	6 410	6 300	6 670	6 850	7 000
Løyvingar, gåver, sponsorinnt.	59	303	75	50	50	50
Prosjekt i fylkeslaga	303	422	550	422	440	460
Sal av Schweigaardsgate 52		3 821				
Leige- og kontorinntekter	236	132	230	150	160	200
Uttak av varer	0	0	10	10	10	10
Mva-refusjon	729	822	550	750	850	770
Ymse	346	272	80	115	100	100
Sum inntekter	16 386	19 819	16 448	17 081	16 263	17 963

UTGIFTER						
Materiell for sal	100	86	80	80	120	100
Norsk Tidend	860	996	880	1 065	900	920
Andre trykkjekostnader	170	339	90	130	160	120
Adventskalender/lotteri	95	37	100	40	42	42
Refusjon medlemspengar	1175	1 245	1 170	1 300	1 300	1 300
Løn og honorar	6 563	6 831	6 850	7 300	7 500	7 700
Støtte til fylkeslaga i randsonene	518	628	700	791	670	720
Husleige, straum	1 311	1 571	1 250	720	765	790
Presseklypp, komm.tenester	94	100	95	110	110	110
Prisar og stipend	209	217	230	230	230	230
Drifts- og kontorutgifter	1 620	1 695	1 650	1 610	1 540	1 550
Landsmøte	1 567	0	1 350	1 600	0	1 750
Seminar, konferansar og arr.	226	317	150	200	350	255
Styre-/landsrådsmøte	285	168	220	244	208	208
Andre reise/møteutgifter	297	292	230	230	300	300
Prosjekt i fylkeslaga	303	422	550	422	440	460
Løyvingar, gåver	67	39	70	40	70	40
Løyving til NMU	350	350	350	350	400	400
Målpol. sats.felt 1: skulemål	166	100	150	120	120	120
Målpol.sats.felt 2 Barn og unge	11	19	30	30	30	30
Målpol. sats. 3: Off. målbruk	0	0	20	0	20	20
Kampanje for digitale læremiddel	0	288	20	0	0	0
Nynorskstafetten	128	193	200	200	200	200
Organisasjonstiltak	191	290	300	250	400	400
Avskrivningar fast eigedom	0	145			145	145
Avskrivningar inventar	0	5	0	0	5	5
Sum utgifter	16 306	16 373	16 735	17 062	16 025	17 915
Resultat før finanspostar	80	3 446	-287	19	238	48
FINANSPOSTAR						
Utbyte	4	4	10	10	10	10
Aksjevinst	85	0	0	0	0	0
Finansinntekter	105	273	15	80	80	80
Nedskrivning av luter	-16	0	-90	0	0	0
Finansutgifter		-337		-289	-138	-138
Sum finanspostar	-13	60	-65	-199	-48	-48
Ekstraordinære inntekter/husfond		75				
RESULTAT	64	3461	-357	-180	190	0

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2025 og 2026 som er lagde fram med årsresultat på 190 000 kr og 0 kr.

SAK 11 Norsk i høgare utdanning

Innleiing ved statsråd for forskning og høgare utdanning, Oddmund Løkensgard Hoel

SAK 12 Fire seminar

I år legg styret opp til at alle landsmøtedeltakarane skal få med seg alle dei fire seminarane. Difor er dei lagde opp som stasjonsundervisning, der innleiaren blir ståande og utsendingane går frå rom til rom.

De vil få utdelt ei gruppeinndeling når de kjem på landsmøtet, med informasjon om kvar de startar og kva rekkjefølgje de skal gå til seminarane i.

Kvart seminar varer i 15–17 minutt og er ei rask innføring i og tips til korleis eit arbeid eller ein aktivitet kan gjennomførast. Det vil bli rom for eit par raske spørsmål på slutten av kvart seminar.

Dette er seminarane som er sette opp:

A Aktiv oppfølging av barnehagar og skular v/ Helen Johannessen, leiar i Austmannalaget

B Språkkafear. Gode tips og råd ved Nils Ulvund, leiar i Sunndal Mållag

C Inspirasjonsdag for lærarar. Gode råd og tips ved Ellinor Bergli Bustad, leiar i Skaun Mållag

D Vervearbeid. Alle kan bli ein vervar ved Live Havro Bjørnstad, nestleiar Bergen Ungdomslag Ervingen

SAK 13 Val

Valnemndsleiar Øyvind Fenne innleier til val av styre. Leiar Peder Lofnes Hauge legg fram innstillinga på ny valnemnd for 2024–2026 og revisor for 2024 og 2025.

Denne saka inneheld tre vedtakspunkt:

- 14.1 Val av styre
- 14.2 Val av valnemnd
- 14.3 Val av revisor

14.1 Val av styre

Styret har i arbeidsåret 2022–2024 vore:

leiar	Peder Lofnes Hauge (AU)	
nestleiar	Synnøve Marie Sætre (AU og fungerande leiar i foreldrepermisjonen til leiar)	
styremedlem	Inger Johanne Sæterbakk (AU)	
styremedlem	Anders Riise	
styremedlem	Kjetil Aasen	
styremedlem	May Britt Jensen	
styremedlem	Frida Pernille Mikkelsen	våren 2022, vald av NMU
styremedlem	Tobias Christensen Eikeland	2022–2024, vald av NMU

- 1. vara Espen Tørset
- 2. vara Tove Karina Eidhammer
- 3. vara Reidun Ramse Sørensen
- 4. vara Bjørn Seljebotn

- 1. vara NMU Synne Solberg
- 2. vara NMU Rasmus Tennø Loe

Innstilling frå valnemnda til styre for 2024–2026:

leiar	Peder Lofnes Hauge	attval
nestleiar	Live Havro Bjørnstad	NY
styremedlem	Kjetil Aasen	attval
styremedlem	Espen Tørset	opprykk frå vara
styremedlem	Gunnhild Skjold	NY
styremedlem	Monika Haanes Waagan	NY
styremedlem	Ein representant vald av NMU	

- 1. vara Synnøve Marie Sætre ned frå fast plass
- 2. vara Tommy Tverdal NY
- 3. vara Silje Nathalie Luvåsen NY
- 3. vara Jorunn Simonsen Thingnes NY

Om styrekandidatane:

PEDER LOFSNES HAUGE: f. 1989. Frå Gloppen, men bur i Bergen, saman med Line og tre born. Utdanna grunnskulelærer. Tidlegare folkevald og mangeårig politisk rådgjevar for Venstre i byrådet i Bergen. Blei vald inn i styret i Noregs Mållag i 2016, nestleiar frå 2018 og leiar frå 2020.

LIVE HAVRO BJØRNSTAD, f. 1986 på Voss, bur i Bergen med Emilio og eitt barn. Bjørnstad har utdanning innan språk, litteratur og idéhistorie, og jobbar til vanleg på katedralskulen i Bergen. Her driv ho verdas mest nynorskpositive skulebibliotek, i tett samarbeid med Katten Målungdom. Saman har dei snart verva heile skulen til målrørsla.

Frå 2016 til 2022 var Bjørnstad tilsett hjå Hordaland Mållag og periodevis frikjøpt til m.a. nynorskstafetten og informasjonsarbeid for Skrivarstova. Dei siste åra har Bjørnstad vore nestleiar og økonomiansvarleg i Bergen ungdomslag Ervingen, samt drive aktivt politisk påverknadsarbeid for lesing og skulebibliotek.

GUNNHILD SKJOLD: f. 1995. Fødd, oppvaksen og busett i Tromsø. Utdanna lektor i matematikk, og i dag rådgjevar hos Senter for samisk helseforskning ved UiT Noregs arktiske universitet. Ho var leiar i Norsk Målungdom (NMU) frå 2019-2021, og sat i denne perioden også som NMU sin representant i styret til Noregs Mållag. Ho har vore leiar i Studentmållaget i Tromsø, landsstyremedlem i Norsk Målungdom, arbeidsutvalsmedlem i Troms og Finnmark mållag og leiar i Tromsø mållag. Dei tre siste åra har ho etter nominasjon frå NMU vore styremedlem i LNU - Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjonar.

KJETIL AASEN: f.1978, oppvaksen i Oslo og Fredrikstad, busett i Oslo. Jurist og språkvitar (mastergrad i lingvistikk med nordisk, tysk og irsk i fagkrinsen i tillegg) frå Universitetet i Oslo. Sidan 2019 har han vore tilsett som protokollsekretær i Høgsterett. Han har elles lang røyndle som språkbyråkrat. I 2022-2023 var han ein av utvalssekretærene til teiknspråkutvalet, som i juni 2023 leverte NOU 2023: 20 Tegnspråk for livet. Forslag til en helhetlig politikk for norsk tegnspråk til kultur- og likestillingsministeren. Han var i perioden 2008–2019 tilsett i Språkrådet med eit hospiteringsår i Kulturdepartementet 2015–2016. Han var styremedlem i Østfold Mållag 2014-2019, nestleiar frå 2016. Han har hatt verv i Studentmållaget i Oslo, medlem i Skuleboknemnda og bladstyremedlem i Mål og Makt. Han har sete i styret i Noregs Mållag sidan 2020.

ESPEN TØRSET, f. 1979, bur på Fannrem i Orkland. Han er lektor ved Orkdal vidaregåande skole. Han har sidan 2020 vore leiar for Trønderlaget. Han har også vore leiar for Skaun mållag. Sidan 2009 har Tørset vore redaktør for Jul i Trøndelag. Tørset har vore aktiv i kommunepolitikken, som kommunestyrerepresentant for SV (2003-2018) og leiar av ulike utval. Tørset har vore redaksjonsmedlem i Allkunne og han har skrive om stort og smått i ulike tidsskrift.

MONIKA HAANES WAAGAN: f. 1969 i Narvik, vaks opp i Nordland, Trøndelag, Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Ho bur no i Herøy på Sunnmøre, er gift og har tre vaksne barn. Waagan driv til dagleg tekst-, nettside og konsulentbyrået Akka AS. Heilt sidan oppstarten i 2011 har ho vore oppteken av vilkåra til den nynorske delen av næringslivet. I 2016 tok ho mastergrad i Nynorsk skriftkultur med oppgåva «Næringslivsspråk i Nynorskland». Her undersøkte ho bedriftsspråket i den maritime klynga på Søre Sunnmøre. I 2022 tok ho initiativ til å etablere Nynorsk bedriftsforum, og ho sit no som dagleg leiar her. Ho har arbeidd som arrangementsansvarleg ved Aasen-tunet, og ho er no leiar i Herøy Mållag. Waagan er også utdanna barnevernpedagog, og ho har mangeårig erfaring frå arbeid med elevar, lærlingar og arbeidssøkande.

SYNNØVE MARIE SÆTRE: f. 1990 og er frå Ørsta. Ho er senterleiar ved Nynorsksenteret, er utdanna lærar og har arbeidd ved Ulstein vidaregåande skule. Ho har vore nestleiar i Noregs Mållag sidan 2020 og har i periodar vore fungerande leiar. Ho har også hatt verv både i lokallag og fylkeslag i Mållaget. Frå 2013 sat ho i sentralstyret i Norsk Målungdom og var leiar for organisasjonen i 2015-2017. Ho sit i kommunestyret i Ørsta for SV.

TOMMY TVERDAL: f. 1979 og oppvaksen i Odda. Bur no i Vennesla. Han har fagbrev som sjømathandlar og institusjonskokk. Jobbar i dag som fagleg ungdomssekretær i LO Agder og er leiar i Mållaget i LO-administrasjonen. Han har erfaring frå og har hatt tillitsverv innan kultur, fagrørsla og andre organisasjonar. Har m.a. vore leiar av LO i Indre Hardanger.

SILJE NATHALIE LUVÅSEN: f. 1993 voks opp i Hedmark og har budd i alle kommunane på hedmarkssida langs Mjøsa, og bur per dags dato i Oslo der ho jobbar som lektor i vidaregåande skule. Ho har studert journalistikk og vore knytt til nynorsk sidan det starta som sidemål på grunnskulen. I 2018 starta ho på Høgskolen i Innlandet for å bli lektor i norsk, same år bytte ho hovudmål til nynorsk. Luvåsen er ein aktiv brukar av nynorsk på arbeidsplassen min, og brenn for at nynorskbrukarar skal få dei same rettane som bokmålsbrukarar.

Silje sit i dag som nestleiar i Hamar dialekt- og mållag, og har gjort det sidan 2020. Elles har ho organisasjonserfaring frå Pedagogstudentene, m.a. som styremedlem i Hamar og protokollskrivar for landsstyret. Silje var òg aktiv i politikken som ungdom.

JORUNN SIMONSEN THINGNES: f. 1990. Frå Skei i Sunnfjord, bur i Sogndal saman med mann og eitt barn. Ho er utdanna lektor og har doktorgrad i sosiolingvistikk/språkpolitikk. No er ho førsteamanuensis i norsk ved Høgskulen på Vestlandet, der ho underviser lærarstudentar og forskar på sosiale og samfunnsstrukturelle vilkår for språkbruk og språkval. Ho har vore aktiv i målrørsla sidan 2012. Ho har vore leiar i studentmållaget i Oslo, bladstyrar i Motmæle og sentralstyremedlem i Norsk Målungdom. I dag er ho leiar i Sogn og Fjordane mållag.

14.2 Val av valnemnd

Valnemnda for 2022–2024 har vore:

leiar	Karl Peder Mork (bad om fritak frå vervet frå september 2023)
medlem	Øyvind Fenne (leiar frå september 2023)
medlem	Liv Eldegard Talle
medlem	Birgitta Lim Ermland
medlem	Jens Håkon Birkeland vald av NMU
medlem	Hege Myklebust (opp frå varalista frå september 2023)
1. vara	Ola Haugen Havrevoll
2. vara	Hilde Stave

Framlegg frå styret til ny valnemnd for 2024–2026:

leiar	Marit Aakre Tennø (NY)
medlem	Birgitta Lim Ermland (attval)
medlem	Ola Haugen Havrevoll (opptrykk frå vara)
medlem	Fredrik Heimsæter (NY)
medlem	ein representant blir vald av NMU
1. vara	Inger Johanne Sæterbakk (NY)
2. vara	Anders Riise (NY)
3. vara	Eline Bjørke (NY)
1. vara	blir vald av NMU
2. vara	blir vald av NMU

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Marit Aakre Tennø til leiar for valnemnda, med Birgitta Lim Ermland, Ola Haugen Havrevoll og Fredrik Heimsæter som faste medlemmer. Varafolk er i nummerert rekkjefølgje Inger Johanne Sæterbakk, Anders Riise og Eline Bjørke.

14.3 Val av revisor

I 2023 skifta Noregs Mållag bank til Voss sparebank som er ein rein nynorskbank. I den oppryddinga kom det også opp at det hadde vore fint å få eit nynorskbrukande revisjonsfirma, og det er den sentrale grunnen til at styret no føreslår å gå vekk frå det som har vore revisjonsfirmaet vårt i mange år.

Hovden og Vatne statsautoriserte revisorar AS har kontor i Ørsta, Nordfjordeid og Stryn og er mellom anna revisor for Nynorsk kultursentrum.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Hovden og Vatne statsautoriserte revisorar AS til revisor for rekneskapsåra 2024 og 2025.

vedlegg

Lov for Noregs Mållag

Vedteken 21. juli 1978, med brigde frå 26. juli 1980, 29. juli 1982, 28. juli 1983, 25. juli 1985, 30. juli 1987, 30. juli 1988, 26. juli 1992, 31. juli 1993, 28. juli 1995, 27. juli 1996, 26. juli 1997, 25. juli 1998, 31. juli 1999, 30. juli 2000, 29. juli 2001, 28. april 2002, 25. april 2004, 30. april 2006, 29. april 2007, 27. april 2008, 29. april 2012, 21. april 2013 og 17. april 2016.

I FØREMÅL

§ 1.1 Noregs Mållag vil arbeida for å gjera den norske målreisingstanken til røyndom.

II SAMSKIPNADEN

§ 2.1 Noregs Mållag er landssamskipnaden for laga i målørsla. Eit mållag skal ha minst 10medlemer.

§ 2.2 I Noregs Mållag kan den vera med som vil arbeida for målreisinga i samsvar med prinsippprogrammet og lova for samskipnaden.

§ 2.3 I regelen skal einskildlaga innanfor ein landslut samarbeida i eit fylkesmållag. Fylkesgrensene skal så langt råd samsvara med fylkesgrensene i Noreg. Ingen av dei noverande fylkeslaga i Noregs Mållag kan slåast saman eller delast mot deira eigen vilje. Fylkesmållaga må godta lova for Noregs Mållag, og grensene for desse laga skal vera godkjende av landsmøtet i Noregs Mållag. Eit fylkesmållag skal ha minst 3 lag.

§ 2.4 Yrkesmållag som er skipa for heile landet, kan vera med i Noregs Mållag når dei godteklava for samskipnaden. Har eit slikt lag minst 3 einskildmållag, kan det få same rettane i Noregs Mållag som fylkesmållaga, etter vedtak på landsmøtet.

§ 2.5 Der det ikkje er fylkesmållag, kan einskildlag takast opp beinveges i landssamskipnaden. Landsmøtet avgjer slike saker etter tilråding frå styret.

§ 2.6 Folk som bur slik til at dei ikkje har høve til å vera med i eit mållag, kan vertabeinveges innmelde i Noregs Mållag gjennom fylkeslaget.

§ 2.7 Noregs Mållag kan til vanleg ikkje meldast inn i ein annan samskipnad. Noregs Mållag kan vera med i internasjonale samskipnader som har tilsvarande føremål som Noregs Mållag. Innmeldinga skal skje etter vedtak gjort av landsmøtet.

§ 2.8 Samskipnaden heiter Noregs Mållag på norsk, Nøørjen Giëlesiebrrie på sørsamisk, Vuona Giellasiëbrre på lulesamisk, Norgga Giellasearvi på nordsamisk og Norjan Kielijoukko på kvensk.

III NORSK MÅLUNGDOM

§ 3.1 Norsk Målungdom er ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag. Einskildlag i NMU er einskildlag i Noregs Mållag, men NMU gjer egne vedtak om tuft, arbeidsprogram og lover somlaga i NMU arbeider etter. Desse vedtaka kan ikkje stri mot det breie grunnlaget som ligg i lovene og prinsippprogrammet til Noregs Mållag. Dette grunnlaget er sams for dei to organisasjonane.

§ 3.2 Norsk Målungdom svarar ei -1- krone for kvar medlem til Noregs Mållag.

§ 3.3 Landsmøtet til Norsk Målungdom vel ein representant til styret og ein representant tilvalnemnda i Noregs Mållag, begge med personlege varafolk. Vala skjer for eitt år i gongen.

§ 3.4 Tilhøvet mellom NM og NMU er nærare ordna gjennom samarbeidsavtalen.

IV PLIKTER

§ 4.1 Når eit lag er med i Noregs Mållag, har det skyldnad til, så langt det evnar, å gjerarøyndom av dei måla samskipnaden set opp i prinsippprogram og arbeidsprogram.

§ 4.2 Fylkeslaga, dei beinveges innmelde laga og yrkesmållaga skal syta for å få lovene sinegodkjende av Noregs Mållag. I tilfelle det er usemje innan styret i Noregs Mållag om godkjenning, skal saka leggjast fram for landsmøtet til avgjerd.

§ 4.3 Fylkesmållaga og yrkesmållaga skal senda melding til styret i Noregs Mållag omnyskipa og oppattskipa lag. Det same gjeld Norsk Målungdom.

§ 4.4 Alle laga skal på føreskriven måte senda årsmelding og andre meldingar om arbeidetsitt til styret i Noregs Mållag innan dei fristar styret fastset.

§ 4.5 Noregs Mållag fører medlemslistene for lokallag og fylkeslag, og pliktar å senda ut desse med jamne mellomrom. Laga pliktar å kontrollera dei og senda inn tillegg og rettingar.

§ 4.6 Noregs Mållag har faste årspengesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Landsmøtet tilrår ein lokal- og fylkessats. Årspengane vert kravde inn av Noregs Mållagsentralt, men dei laga som bed om det, har høve til å krevja inn årspengane

sjølve. Familiemedlemer betaler halv sentralsats. Lag som også er med i Noregs Ungdomslagkrev inn årspengane sjølve og betaler halv sentralsats. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral sats gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje årspengar til samskipnaden. Noregs Mållag skal innan 1. mars betala ut lokallags- og fylkeslagssatsen for årspengar som er betalte inn året før. Lag med lokal innkrevjing skal innan same dato betala årspengar for året før til fylkeslaget og Noregs Mållagsentralt.

V LANDSMØTET

§ 5.1 Noregs Mållag held landsmøte annakvart år. Landsmøtet fastset saklista. Kvart fjerdeår vert det vedteke eit langtidsarbeidsprogram for Noregs Mållag. Landsmøtet kan likevel vedta særskilt hovudoppgåve for komande toårsperiode.

Kvart landsmøte skal likevel ha føre desse sakene:

- a) årsmelding for siste landsmøteperioden
- b) årsoppgjer for dei to førre kalenderåra, med ettersynsmelding
- c) budsjett for dei komande to åra
- d) årspengar for dei to åra etter komande året
- e) val i samsvar med lova

§ 5.2 Omframnt landsmøte vert halde etter vedtak i styret, eller når det blir kravt av så mange lag at representasjonsretten deira svarar til ein tredel av dei som har møterett på landsmøtet. På slike landsmøte kan det ikkje gjerast vedtak i andre saker enn den/dei somvar årsak til innkallinga.

§ 5.3 Innkallinga til landsmøtet skal styret senda ut skriftleg til einskildlaga, fylkesmållaga og Norsk Målungdom seinast tre månader før fyrste landsmøtedagen. Framlegg til sakliste og krav om å senda inn den landsmøteavgifta som styret har fastsett, skal sendast saman med innkallinga. Sakspapir, medrekna tilrådinga frå valnemnda, skal vera utsende minst ein månad før møtet. Når lokallag og fylkeslag (ved styre eller medlemsmøte) sender inn grunngjevne framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker), og dei er styret i hende seinast to månader før fyrste landsmøtedagen, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er landsmøtet som fastset saklista endeleg. Landsmøtet kan stryka saker frå saklista medvanleg fleirtal. Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal om det vil ha føre fråsegner som kjem inn etter fristen.

§ 5.4. Utsendingar til landsmøtet skal som regel veljast på årsmøtet til laget. Årsmøtet kangje styret eller eit lagsmøte fullmakt til å velja utsendingar. Valet skal då kunngjerast i innkallinga til møtet. Utsendingane må vera medlemer i det lokallaget dei er valde somutsending for, jfr § 5.5.

§ 5.5. Einskildlaga med frå 10 til 50 betalande medlemer for førre kalenderår kan senda 1 utsending til landsmøtet, lag med frå 51 til 100 medlemer kan senda 2 utsendingar, og størrelag kan senda 1 utsending for kvart påbyrja 100 medlemer, opp til 10 utsendingar.

Fylkesmållag med opptil 300 medlemer kan senda 2 utsendingar. Større fylkesmållag kansenda 1 utsending for kvart påbyrja 300 medlemer, opp til 10 utsendingar. For Norsk Målungdom gjeld same reglane som for fylkesmållag.

§ 5.6 Røysterett på landsmøtet har styremedlemene i Noregs Mållag, utsendingar frå Norsk Målungdom, fylkesmållag og einskildlag som har sendt årsmelding og årspengar for siste året og betalt landsmøteavgift. Landsmøtet kan vedta at nyskipa lag som har betalt landsmøteavgift, skal ha ein utsending med røysterett. Kvar utsending har ei - 1 - røyst.

§ 5.7 Berre talerett på landsmøtet har utsendingar frå lag som ikkje har sendt årsmelding og årspengar for siste året.

VI STYRET MED ARBEIDSUTVAL OG ETTERSYN

§ 6.1. Noregs Mållag har eit styre på 7 medlemer og 4 varamedlemer, valde av landsmøtet. Alle vert valde for to år. 1 av styremedlemene med personlege varafolk vert vald av landsmøtet i Norsk Målungdom, jf § 3.3. Styret har øvste ansvaret for samskipnaden mellomandsmøta.

Dersom ein tillitsvald vald av landsmøtet i eit særskilt ombod ikkje kan stetta funksjonane han/ho er vald for, kan styret velja ein ny person i ombodet mellom dei landsmøtevalde.

§ 6.2 Styret kan ha eit arbeidsutval på 3 medlemer, leiar og nestleiar skal i så fall vera mellom desse. Styret fastset arbeidsføresegner for AU. Styret skal ha minst 6 møte i året.

§ 6.3 Styret er vedtaksført når minst 5 er til stades, av desse minst 3 styremedlemer.

§ 6.4 Styret kan setja ned arbeidsutval og råd for ymse arbeidsområde og tilsetja tenestefolk som det ikkje ligg til landsmøtet å velja. Styret skal fastsetja instruks for deitilsette.

§ 6.5 Noregs Mållag skal ha eit landsråd samansett av leiaren, nestleiarane, fylkesleiarane, leiaren i Norsk Målungdom, 1 representant for yrkesmållaga vald på fellesmøte mellom styra idei og 1 frå Norsk Målungdom vald på deira landsmøte. Nestleiarane i fylkesmållaga, Norsk Målungdom og 1 representant for yrkesmållaga er varafolk til landsrådet. Landsrådet skal vera eit drøftings- og planleggingsorgan for samskipnaden og eit rådgjevande organ for styret. Landsrådet skal normalt ha eitt møte i året.

§ 6.6 Ettersyn skal veljast på kvart landsmøte.

§ 6.7 Året før kvart stortingsval skal styret leggja fram ein arbeidsplan for å påverka dei politiske partia i valåret. Denne planen bør vera drøfta på rådleggingsmøte med utsendingar for fylkeslaga og Norsk Målungdom.

§ 6.8 I alle landsmøtevalde organ skal begge kjønn vera med. Har eit styre eller ei nemnd 5 medlemer eller fleire, skal begge kjønn vera representerte med minst 40 %.

VII VALNEMNDA

§ 7.1 Etter tilråding frå styret i Noregs Mållag vel kvart landsmøte ei valnemnd på 5 medlemer med 3 varamedlemer. Leiar for nemnda vert vald særskilt. Nemnda sit til neste landsmøte. Ein av medlemene med personlege varafolk skal vera vald av landsmøtet i Norsk Målungdom, jf § 3.3.

§ 7.2 I arbeidsbolken førebur valnemnda vala på landsmøtet. Nemnda oppmodar fylkesmållaga, einskildlaga og medlemene om å koma med framlegg til valet. Nemnda må haferdig tilrådinga seinast seks veker før landsmøtet.

VIII LAGSBRUK

§ 8.1 Dei fylkeslaga og einskildmållaga i Noregs Mållag som eig, driv eller har partar eller luter i forretningstiltak som ikkje kjem inn under lagsrekneskapen, betalar kvart år eit tilskot -lagsbruksavgift - til organisasjonen. Tilskotet skal fastsetjast som del av omsetnaden. Nærarereglar er fastsette i "Føresegner for lagsbruk".

§ 8.2 Lagsbruk skal nytta nynorsk i verksemda si.

IX TRYGGING AV EIGA

§ 9.1. Lag som er med i Noregs Mållag må alltid disponera eiga i samsvar med laget sitt eigeføremål og det føremålet som gjeld for laget som medlem i Noregs Mållag.

§ 9.2. Ved nedlegging av eit lag, gjeld dei reglar laget sjølv har vedtektsfesta om dette, likevel slik at eiga alltid må disponerast i samsvar med føremålet slik det er fastsett etterdenne lova § 9.1.

§ 9.3. Dersom vedtektene til laget ikkje har reglar om nedlegging, men laget like fullt må reknast som nedlagt, skal Noregs Mållag ta vare på eiga til laget til dess det vert skipa eit nyttlag på same stad og/eller med same føremål. Dersom slikt lag ikkje er skipa innan 5 år frå Noregs Mållag tok over ansvaret for eiga, skal Noregs Mållag disponera eiga til beste for målarbeidet på staden det nedlagte laget verka og/eller i samsvar med føremålet til det nedlagte laget.

§ 9.4. Eit lag skal alltid reknast som nedlagt når laget ikkje har levert årsmelding innan denfastsette fristen dei tre siste åra.

§ 9.5. Dersom eit lag vert nedlagt i strid med dei reglar som gjeld for nedlegging av laget, eller skiftar føremål slik at laget ikkje lenger kan stå som medlem i Noregs Mållag, gjeld §

9.3. i denne lova tilsvarende. Det same gjeld dersom laget disponerer eiga i strid med § 9.1. Dersom eit lag vedtek å melda seg ut av Noregs Mållag med 2/3 fleirtal på to ordinære årsmøte etter kvarandre, gjeld ikkje § 9.3., så lenge laget ikkje skiftar føremål.

§ 9.6. Kostnadene Noregs Mållag har ved å ta hand om eiga til eit lag, skal dekkjast av eigadet vert teke hand om.

§ 9.7. Ankesaker med grunnlag i avgjerder under §§ 9.1 – 9.6 skal avgjerast med endelegverknad av landsmøtet i Noregs Mållag.

§ 9.8. Dersom Noregs Mållag blir lagt ned, skal alle aktiva Noregs Mållag rår over gå tilføremålet til organisasjonen.

X LOVBRIGDE

§ 10.1 Denne lova kan landsmøtet brigda med 2/3 fleirtal. Framlegg til brigde må kunngjerast minst 1 månad føreåt. Framlegga kan ikkje endrast på landsmøtet dersomendingane fører til at meiningsinnhaldet vert endra.

Trygge møteplassar i Noregs Mållag

Vedteke på det 100. landsmøtet i Noregs Mållag, 13.-15. april 2018 i Vinje.

Noregs Mållag sentralt, og alle våre ulike lokale mållag, skal vere ein god stad å engasjere seg. Noregs Mållag skal vere ein trygg organisasjon. Norsk Målungdom deltek vanlegvis på tilskipingar i Mållaget, og vi har eit særleg ansvar for dei unge deltakarane. Alle tillitsvalde, aktive og tilsette har ansvar for å oppføre seg skikkeleg mot kvarandre og møte kvarandre med respekt.

Mot seksuell trakassering

Det skal ikkje vere seksuell trakassering i Noregs Mållag. I likestillingslova vert seksuell trakassering definert som uønskt seksuell merksemd som er plagsam for den som merksemda rår. Det er altså korleis handlinga vert opplevd som avgjer om det er snakk om seksuell trakassering, ikkje intensjonen eller handlinga i seg sjølv.

Varsel om kritikkverdig åtferd

Det skal vere så enkelt som råd å varsle. Eit varsel kan innehalde mange typar bekymringar, alt frå underslag, grenseoverskridande åtferd, seksuell trakassering eller andre overgrep. Varsel skal meldast til næraste leiar i lokallaget eller fylkeslaget, og/eller til dagleg leiar i Noregs Mållag. Lagsleiar som tek mot varsel skal alltid varsle dagleg leiar så snart som råd.

Dersom du som leiar eller dagleg leiar tek imot eit varsel, har du ansvar for å undersøkje, så godt som råd er, innhaldet i varselet. Lagsleiar tek kontakt med dagleg leiar og saman vert de samde om kva som skal gjerast. Ut frå innhaldet i varselet tek dagleg leiar saka vidare. Det er viktig å ta omsyn til den svake parten i saka, i tillegg til å sørgje for å få fram og avklare alle sider og syn frå dei involverte i varselet. Leiar og dagleg leiar skal få skulering i korleis ta i mot og undersøkje innhald i varsel.

Handsaminga av varselet skal så langt som råd skriftfestast. Uansett utfall av varselet skal dagleg leiar loggføre saka, slik at ho ligg i arkivet. Reaksjonsmåte må avgjerast ut frå kor alvorleg hendinga er. Det kan vere ein samtale der den aktuelle leiaren eller dagleg leiar gjer det klart kva som er akseptabel åtferd i Mållaget, og krav om å be om orsaking eller andre reparerande tiltak. Det kan vere informasjon om saka til aktuell valnemnd og tiltak som krev styrevedtak om utestenging frå fellesarena i organisasjonen som landsmøte og konferansar. Noregs Mållag har ikkje eksklusjonsparagraf. Hendingar som er i strid med norsk lov, vert melde til politiet.

Nokre konkrete tiltak i høve tilskipingar:

1. Ansvarleg leiing. På alle tilskipingar i Noregs Mållag skal det vere rusfrie ansvarlege personar knytte til leiinga og som har eit særleg ansvar for å følgje opp unge medlemmer og medlemmer i Norsk Målungdom. Alle skal få informasjon om telefonnummer til desse ansvarlege.

2. Kjønnsdelte formøte. I høve større tilskipingar som landsmøte og konferansar skal sentrallekken jamleg leggje til rette for kjønnsdelte formøte både for kvinner og menn.

3. Rusfrie alternativ. Det sosiale fellesskapet er viktig i Mållaget. Det er viktig å invitere til tilskipingar utan alkoholbruk, og å ha eit medvite forhold til alkoholbruken på mållagstilskipingar der ein kan kjøpa alkohol. Noregs Mållag betaler ikkje alkohol for tillitsvalde og tilsette.

Trengst det meir detaljerte reglar, eller er det tvil i enkeltsaker, vert det lagt fram for styret i Noregs Mållag til vedtak.



NOREGS MÅLLAG
Dronningens gate 22
0154 Oslo
Telefon 23 00 29 30
E-post nm@nm.no
www.nm.no